

# Austrheim kommune



## Årsmelding 2015

---

*Austrheim kommune*

Denne årsmeldinga er skriven av rådmannsgruppa som eit samandrag av avdelingsleiarane sine innleverte årsmeldingar.

## Innhald

3

Merknader frå rådmannen.....	3
Politisk organisering .....	4
Administrativ organisering .....	5
Overordna mål og måloppnåing:.....	5
Måloppnåing: .....	6
ADMINISTRASJON.....	7
Sentraladministrasjonen .....	7
Politikk .....	7
Samfunnsutvikling .....	7
Økonomisk oversyn .....	8
Driftsinntektene .....	9
Skatteinntektene .....	9
Driftsutgiftene .....	10
Lønn og sosiale utgifter .....	10
Rekneskapsmessig resultat .....	11
Investeringsregnskapet .....	13
Balansereknskapet .....	13
Økonomi samanlikna med landet .....	14
KOSTRA-samanlikningar .....	14
Personalstatus .....	16
HMT .....	17
AMU.....	17
Administrasjonsutvalet.....	17
Kompetanse.....	18
Samarbeid med tillitsvalde .....	18
Diskriminering og likestilling .....	18
Etikk .....	19
Oppvekst.....	20
Skular .....	20
Kaland barne- og ungdomsskule .....	21
Årås skule .....	22
Spesialundervisning.....	23

Barnehagar .....	24
Austrheim kystbarnehage (AKB): .....	25
Kaland barnehage:.....	25
Barnevern .....	27
Vaksenopplæringa (VO).....	28
HELSEAVDELINGA .....	30
MÅLOPPNÅING:.....	30
HOVUDMÅL: .....	30
DELMÅL: .....	30
UTFORDRINGAR:.....	30
Legekontoret .....	30
BRUKARAR: .....	30
Interkommunale ordningar .....	31
FYSIOTERAPI: .....	32
Personale i helseavdelinga .....	32
PLOMS – Pleie og omsorg.....	33
Handlingsprogram .....	33
Kulturavdelinga .....	34
Utfordringar.....	37
Økonomi .....	37
Nav – Sosial.....	38
Teknisk drift.....	40
ANSVAR 604. DRIFT KOMMUNALE BYGG OG EIGEDOMAR. ....	41
ANSVAR 605 REINHOLD. ....	41
Plan, byggesak, oppmåling og miljø .....	43
Landbruk.....	45



Rehabilitering av Årås skule var det største vedlikehaldsprosjektet i 2015. Kostnaden vart om lag 23 millionar. Her opnar ordførar Per Lerøy og elevrådsleiar Frode Wilkensen den rehabiliterte skulen.

## Merknader frå rådmannen

Austrheim Kommune er ei relativt stor verksemd med 331 tilsette som til saman utfører 255 årsverk. Årsproduksjonen inneheld eit stort mangfald av tenester som er viktige for lokalsamfunnet vårt.

I 2013 vart det for første gong utarbeidd ei kortare årsmelding med fokus på økonomi og kort presentasjon av dei ein skilde ansvarsområda. Dette vart følgt opp i årsmeldinga for 2014 og no i årsmeldinga for 2015 .

Økonomisk sett har 2015 vore eit dårleg år, med rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 8,2 mill.. Bakgrunnen for det dårlege resultatet er svikt i skatteinngongen, halvering av utbytte frå BKK, stor kostnadsauke i barnevernet og auke i sosialhjelp og introduksjonsstønad. Inntektssvikten utgjør 5,9 mill. kr.

Det var opprinneleg budsjettert med kr. 89.803.000,- i skatteinngong for 2015 mens resultatet vart 82 871 483 kr. Altså er skattesvikt på om lag kr. 7.000.000,- i høve til opprinneleg budsjett. Med utgangspunkt i skatteinntektene for 2013, 2014 og 2015 vil Austrheim kommune få tilbake småkommunetilskotet i 2017 dersom ikkje inntektssystemet vert endra. Prognosen i forhold til landsgjennomsnittet er i desse åra 118,9%, 118,9% og 109,9%.

Budsjettet for 2016 gjev store utfordringar. Utfordringane er å redusere kostnadene slik at budsjettet for 2016 kan gjennomførast og overskotet vert så stort som mogleg. Dette bør vi klare med utgangspunkt i at arbeidet med prosjektet for å redusera lønskostnadene som vart starta hausten 2016, vert vidareført. Prosjektet har i 2015 gitt store innsparingar .

Fylkesmannen har uttrykt skepsis til kommunen sitt høge investeringsnivå, og at dette kan gå utover kommunen si drift i framtida. Med utgangspunkt i økonomiplanen for perioden 2016 – 2020 meiner rådmannen at situasjonen er under rimeleg god kontroll, men 2017 kan bli eit vanskjeleg år med utgangspunkt i framlegget til nytt inntektssystem som kan gi negative konsekvensar for Austrheim kommune.

Med investeringar i 2015 har Austrheim kommune investert for 570 mill. kr for perioden 1986 til i dag. I 2015 vart utbygginga av Årås skule, klubbhuset og parken foran kommunehuset dei største prosjekta.

Prosjekta « Austrheim heile livet» , « Saman om ein betre kommune» og samarbeidet med Lindås kommune om næringssejv vart slutført i 2015. Alle desse prosjekta har vore spennande og positive utviklingsprosjekt for kommunen.

Jan Olav Osen, Rådmann

## Politisk organisering

### **Kommunestyret for perioden 2011 - 2015**

Arbeidarpartiet: Per Lerøy(Ordførar), Asbjørn Brandtun, Terje Håland, Merethe Rikstad  
Tresvik, Hardy Pedersen og Mariell Storebø Sundfjord

Kristeleg folkeparti: Helge Dyrkolbotn(Varaordførar) og Knut Risnes

Senterpartiet: Reidar Øksnes

Høgre: Ernst Stellberg, Anita Solberg, Ole Gustav Gullaksen, Morten Sognes og  
Nils Ove Vassdal

Venstre: Liv Ulvøy og Torunn Helland Karlsen

Framstegsparitet: David Sætre Ludvigsen

Det har vore fleire permisjonar og fritak for politikarar .

### **Formannskapet for perioden 2011 -2015**

Per Lerøy (Ap), Helge Dyrkolbotn(Krf), Reidar Øksnes (Sp), Ernst Stellberg(H) og Liv Ulvøy (V)

I tillegg er det fylgjande utval i kommunen: Elderåd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd, kontrollutval, administrasjonsutval og landbruksfagråd.

### **Kommunestyret for perioden 2015 - 2019**

Arbeidarpartiet: Per Lerøy(Ordførar), Asbjørn Brandtun, Siri Kaland, Merethe Rikstad  
Tresvik, Hardy Pedersen, Monika Thorpe, Trude Sleire og Tore Austrheim

Kristeleg folkeparti: Anne Dahle Austrheim(Varaordførar) og Randi Dyrøy

Senterpartiet: Reidar Øksnes

Høgre: Jorund Stellberg, Rikke Heldal Hope, Morten Sognes og  
Viggo Leirvåg

Venstre: Liv Ulvøy og Jan Erik Espelid


Det har vore eit fritak for politikar i denne prioden.

### **Formannskapet for perioden 2015 – 2019**

Per Lerøy (Ap), Anne Dahle Austrheim(Krf), Siri Kaland(Ap)), Jorund Stellberg(H) og Jan Erik Espelid (V)

I tillegg er det fylgjande utval i kommunen: Elderåd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd, kontrollutval,administrasjonsutval og landbruksfagråd.

## Administrativ organisering



### Overordna mål og måloppnåing:

Visjon for utvikling og vekst

Ein visjon kan definerast som eit framtidig bilete av korleis Austrheim-samfunnet skal bli. Visjonen kan vere eit uttrykk for innbyggjarane sine ynskjer, verdiar, behov og draumar.

Vår visjon er:

**Eit livskraftig kystsamfunn, kjend for havsport, med pulserande tettstad og aktive bygder.**

Hovudmåla er:

**Austrheim skal verte ein meir attraktiv stad å bu, etablere bedrifter og besøkje.**

**Austrheim skal utvikle seg til eit berekraftig og dynamisk område, i eller utanfor ei større kommunal eining.**

Austrheim skal utvikla seg vidare som eit livskraftig regionalt knutepunkt nord i Nordhordland.

### Økonomisk rammer

Vi vil at:

- Kvaliteten på tenestene skal oppretthaldast.
- Det skal arbeidast for eit stabilt driftsresultat på minimum 1,75 % av samla driftsinntekter.
- Det skal fokuserast på prosjektarbeid og nye metodar for oppgåveløysing.
- Det skal fokuserast på rasjonalisering og effektivisering innan betaling, sakshandsaming og informasjon.

Dette vil me få til gjennom å:

- Vidareføra god kontroll med økonomien og økonomiplanlegginga.
- Fokusera på effektivisering og rasjonell drift med bruk av elektronisk betaling, sakshandsaming og informasjonssystem.
- Syte for naudsynt investering i eksisterande bygg og anlegg.

- Halde budsjetttrammene frå 2015 – 17 om lag på same nivå som for 2014.
- Ta høgde for mogleg renteauke framover.
- Integre handlingsdelen til kommuneplanen i økonomiplanen og oppdatere denne kvart år for betre målstyring.

### **Befolkningsvekst**

Vi vil at:

- Befolkningsveksten vert om lag slik som framskrive innbyggjartal(SSB).
- Det vert auka fokus på moderne tenester og dialog med innbyggjarane.
- Det vert tilrettelagt for bustadbygging, og klyngetun i grendene.
- Reglane for tiltak på eksisterande bustadtomter i LNF-område vert forenkla.
- Innbyggjarane får tilgang til ulik bruk av strandsona og kystnaturen.

I tillegg inneheld den vedtekte samfunnsdelen av kommuneplanen for perioden 2015 – 2027 mål innanfor områda: samfunnsutvikling, tettstadutvikling, kultur, næring, samferdsle og infrastruktur, oppvekst og arbeid, helse. I tillegg til omsorg, psykisk helse og rus, livtidssjukdomar, folkehelse, sosial ulikskap, landskap, miljø og samfunnsstryggleik og kommunal organisering og tenesteyting.

### **Måloppnåing:**

- Austrheim kommune deltek i prosjektet ny kommune Nordhordland og resultatet av desse tingingane vil ligge føre i 2016.
- Austrheim kommune hadde pr. 01.01.15 2856 innbyggjarar. Den 01.01.16 var innbyggjartalet 2858, ein auke på 2 personar.
- Austrheim kommunestyre vedtok 18.12.13 å delta i tilflyttarprosjekt der målsettinga var å få nederlandske innbyggjarar til kommunen. Prosjektet vart avslutta i 2015 utan at nye innbyggjarar er kome til Austrheim.
- Austrheim kommunestyre har vedteke å ta imot flyktningar. Det er hittil kome 43 flyktningar til Austrheim.
- Det er brukt mykje midler til lærlingar og TAF-elevar i Austrheim. I 2015 var det 8 lærlingar i verksemda.
- Det er sett i gang eit arbeid for å planleggja omsorgsbustader i Kaland/Fonnes- området. Det er funne eit godt eigna område til dette føremålet og nærare avklaring om bruk av området vil bli avklart i 2016. Kommunen eig sjølv området det er snakk om.
- I 2015 er det gjennomført innsparingstiltak utan at dette har i vesentleg grad gått ut over tenestetilboda. Dette arbeidet vil fortsetje inn i 2016.
- Gjennomsnittsalderen på arbeidsstokken er høg. I den grad det er mogeleg, har ein lagt til rette for gode seniortiltak. Kommunen sine seniortiltak er under revisjon.
- Målsettinga om eit driftsresultat på 1,75 % av driftsinntektene er ikkje oppnådd. Årsaka til dette er vesentleg svikt i inntektene og store ekstra utgifter til barnevern, introduksjonsstønad og sosialhjelp.
- Kommunen deltek i mange interkommunale tiltak. Mellom anna regionrådet for Nordhordland(Nordhordland Utvikling), Nordhordland IKT, Nordhordland legevakt og øyeblikkelig hjelp senger.

## ADMINISTRASJON

### Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen består av rådmannen med rådmannsgruppa, personalkonsulenten, servicekontoret og økonomikontoret med skattekontor. Ei viktig oppgåve er å førebu og følgje opp politiske saker til kommunestyret, formannskapet og ymse råd, utval og prosjektgrupper.

Handsaming av sektorovergripande saker, samfunnsutvikling, overordna styring, samordning og utføring av fellestenester for heile organisasjonen, er andre ressurskrevjande og viktige arbeidsoppgåver.

Elektronisk politisk møtehandsaming via lese Brett til alle folkevalde vart vidareført i 2014. Dette for å redusere bruken av papir og portokostnadene.

Rådmannen held jamnleg møte med organisasjonane, avdelingsleiarane og sakshandsamarane til møte i politiske utval.

### Politikk

Aktiviteten i dei sentrale folkevalde organa i Austrheim kommune 2014/2015:

Utval	Tal saker		Tal møte	
	2014	2015	2014	2015
Austrheim Kommunestyre	162	173	16	10
Austrheim Formannskap	276	189	21	14
Administrasjonsutvalet	7	17	1	4
Arbeidsmiljøutvalet	19	20	3	4
Eldrerådet	5	6	1	1
Kontrollutvalet	77	43	10	6
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	0	0	0	0
Valstyret	0	10	0	3

Austrheim kommune var den kommunen i landet som hadde flest kommunestyremøte i 2014.

I 2015 ble møteaktiviteten redusert vesentleg, men talet på saker auka.

Av politiske saker kan nemnast budsjett for 2016 med økonomiplan for perioden 2016 – 2020, avgiftssaker, tertialrapport 1 og 2 med budsjettjustering, reguleringsplanar, val til nemnder og utval, kommuneplanarbeidet med samfunnsdel og mange store investeringstiltak. I tillegg har det vore store regionale saker til handsaming som t.d. Nordhordlandspakken, helsehus og kommunestruktur.

### Samfunnsutvikling

Austrheim kommune har også i 2015 delteke i Nordhordland Utviklingsselskap der det gjennom Regionrådet vart arbeidd med mange store prosjekt. Her kan nemnast, Nordhordlandspakken, helsehus og kommunestrukturprosjektet. Nordhordlandstinget har ikkje hatt møte i 2015.

Austrheim kommune har saman med Lindås kommune eit eiga samfunnsutviklingsprosjekt med fokus på Mongstad. Her er det tilsett ein næringssjef/samfunnsutviklar og eigen prosjektmedarbeidar. Prosjektet har utarbeidd ein eigen strategiplan som er under revisjon. Dette prosjektet vart avslutta ved utgangen av 2015. Austrheim har opplevd dette som eit godt prosjekt. Austrheim kommune har i mange år delteke i Nordhordland legevakt. I samband med helsereforma er det etablert 6 øyeblikkelege hjelp senger som er tilknytta legevakta.



## Økonomisk oversyn

### Utviklingstrekk i driftsrekneskapet ( i heile tusen kroner)

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap 2 011	Rekneskap 2 012	Rekneskap 2 013	Rekneskap 2 014	Rekneskap 2 015	Avvik 2014-15
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>						
Brukerbetalinger	12 050	12 297	12 407	13 036	13 175	1,1
Andre salgs- og leieinntekter	12 870	13 436	14 213	14 607	16 345	11,9
Overføringer med krav til motytelse	37 164	39 919	41 005	37 238	36 479	-2,0
<b>Rammetilskudd</b>	<b>61 407</b>	<b>65 401</b>	<b>68 234</b>	<b>70 529</b>	<b>73 373</b>	4,0
Andre statlige overføringer	1 683	1 511	2 073	6 480	8 200	26,5
Andre overføringer	11	3	0	100	100	
<b>Skatt på inntekt og formue</b>	<b>75 512</b>	<b>81 797</b>	<b>84 311</b>	<b>84 590</b>	<b>82 871</b>	-2,0
Eiendomsskatt	12 949	11 354	12 608	12 608	12 585	-0,2
Andre direkte og indirekte skatter	-	-	-			
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>213 645</b>	<b>225 719</b>	<b>234 851</b>	<b>239 188</b>	<b>243 128</b>	1,6
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>						
Lønnsutgifter	123 325	129 593	134 323	145 416	149 254	2,6
Sosiale utgifter	31 438	32 612	36 244	38 994	40 278	3,3
Lønn og sosiale kostnader	154 764	162 205	170 567	184 410	189 532	2,8
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	25 714	25 853	27 843	27 504	28 466	3,5
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	7 875	9 315	9 298	11 635	11 353	-2,4
Overføringer	10 143	16 427	13 598	15 637	12 970	-17,1
Avskrivninger	10 079	10 507	11 003	12 084	11 992	-0,8
Fordelte utgifter	-	-	-			
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>208 575</b>	<b>224 307</b>	<b>232 310</b>	<b>251 270</b>	<b>254 313</b>	1,2
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>5 069</b>	<b>1 413</b>	<b>2 541</b>	<b>-12 082</b>	<b>-11 185</b>	-7,4
<b>FINANINNTEKTER</b>						
Renteinntekter og utbytte	5 819	5 787	5 367	5 283	2 816	-46,7
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-			
Mottatte avdrag på utlån	153	101	108	57	32	-43,9
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>5 972</b>	<b>5 888</b>	<b>5 475</b>	<b>5 340</b>	<b>2 848</b>	-46,7
<b>FINANSUTGIFTER</b>						
Renteutgifter og låneomkostninger	5 727	5 085	4 689	5 067	4 555	-10,1
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-			
Avdrag på lån	7 698	8 068	8 864	7 312	6 882	-5,9
Utlån	152	118	75	77	23	-70,1
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>13 577</b>	<b>13 271</b>	<b>13 628</b>	<b>12 456</b>	<b>11 460</b>	-8,0
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>	<b>-7 605</b>	<b>-7 382</b>	<b>-8 154</b>	<b>-7 116</b>	<b>-8 612</b>	21,0
Motpost avskrivninger	10 079	10 507	11 003	12 084	11 992	-0,8
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>7 544</b>	<b>4 537</b>	<b>5 391</b>	<b>-7 114</b>	<b>-7 805</b>	9,7
<b>INTERNE FINANSTRANSAKSJONER</b>						
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	-	-	5 895	12		
Bruk av disposisjonsfond	302	6 065	369	2 752	4 989	81,3
Bruk av bundne fond	768	998	647	2 074	1 335	-35,6
Bruk av likviditetsreserve	-	-	-			
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>1 069</b>	<b>7 063</b>	<b>6 910</b>	<b>4 838</b>	<b>6 324</b>	31,0
Overført til investeringsregnskapet	5 799	4 562	4 934	50	122	144,0
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	-	-	-		5 140	
Avsatt til disposisjonsfond	2 588	134	5 904	12	-	-100,0
Avsatt til bundne fond	226	1 009	1 451	2 802	1 505	-46,3
Avsatt til likviditetsreserven	-	-	-			
<b>Sum avsetninger</b>	<b>8 613</b>	<b>5 705</b>	<b>12 289</b>	<b>2 864</b>	<b>6 767</b>	136,3
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>-</b>	<b>5 895</b>	<b>12</b>	<b>-5 140</b>	<b>-8 248</b>	

## Driftsinntektene

Totalt har inntektene auka med 1,6 % i 2015 i forhold til året før. Dette er ein auke på ca. 3,9 millionar kroner. I 2014 var denne auken på 4,3 %, noko som utgjorde ca. 4,3 millionar kroner. På landsbasis har driftsinntektene auka med 4,2 % i 2015. Det er ein stor auke i forhold til den auken Austrheim kommune har. Utviklinga i driftsinntektene dei siste 5 åra er vist grafisk nedanfor.




Ser vi nærare på dei ulike inntektspostane som utgjør driftsinntekter, ser vi at det er ein auke i brukarbetalingar med 1,1 %. Brukarbetaling sjukeheim er redusert, medan brukarbetaling kommunale tenestar har hatt ein auke.

Andre sals- og leigeinntekter, har auka med 11,9 %. Det har vore ein relativ bra auke i aktiviteten når det gjeld plan og areal arbeid, og dette har gitt høgare gebyrinntekter. Overføring med krav til motyting er redusert med 2 %. Rammetilskotet har auka med 4 % i forhold til forrige år. Dette skuldast først og fremst ein reduksjon i inntektsutjamninga p.g.a sviktande skatteinntekter. Andre statlege overføringar har auka med heile 26,5 %. Dette skuldast at vi har tatt imot fleire flyktningar i forhold til året før.

Skatt på inntekt og formue er redusert med 2,0 %. I opprinneleg budsjett var det forventa at skatteinntektene skulle bli ca. 6,9 millionar kroner meir. På grunn av innstrammingar i oljesektoren med oppseiingar av arbeidsplassar på Mongstad, har vi ikkje nådd budsjettet. Som fylgje av at vi har hatt lågare skatteinntekter enn budsjettet i 2015, har også inntektsutjamninga blitt redusert med ca. 4,2 millionar kroner. Netto svikt på skatteinntekter er derfor 2,7 millionar kroner.

## Skatteinntektene


Diagrammet under viser utviklinga i skatteinntektene (utan at inntektsutjamning er tatt med) akkumulert pr. måned i 2015.



Når det gjeld eigeomsskatt, er det inga vesentlig endring i forhold til 2014. Vi kan då konkludere med at ei av hovudårsakene til den totale låge inntektsveksten i forhold til 2014, gjeld svikt i skatteinntektene. Dette gjeld både i forhold til budsjett og i forhold til førre år.

### Driftsutgiftene


På landsbasis har driftsutgiftene auka med 1,9 %. I Austrheim kommune har driftsutgiftene auka med 1,2 % i 2015 i forhold til 2014. Denne auken utgjer ca. 3 millionar kr. Nedanfor er det sett opp eit diagram over driftsutgiftene dei siste 5 åra.




### Lønn og sosiale utgifter

Lønn og sosiale utgifter utgjer ein betydeleg del av driftsutgiftene. I 2015 utgjorde lønn og sosiale kostnader 74,5 % av totale driftskostnader. Samla er dette 189,5 millionar kroner av dei totale driftsutgiftene. Vi ligg godt over landsgjennomsnittet og også ein del over dei kommunane som det er naturleg å samanlikne oss med.

Den nominelle auken frå 2014 til 2015 er på 2,8 %. I forhold til opprinnelig budsjett er det eit positivt avvik på 635 000 kr. Nedanfor er det sett inn diagram over lønn og sosiale utgifter dei siste åra. I tillegg er det sett opp lønn i prosent av totale driftsutgifter for Austrheim kommune og for heile landet. I åra framover må det vere ei klar målsetting å nærme seg dei kommunane som det er naturleg å samanlikna seg med.



Figuren viser nominell utvikling i lønn og sosiale utgifter



Figuren viser kor stor del av driftsutgiftene som går til lønn. Blå er Austrheim, raud er landsgjennomsnittet.

### Innkjøp

Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen har auka med 3,5 % i forhold til 2014. Store postar under denne hovedgruppa er undervisningsmaterieell, matvarer, transport, energi, avgifter, gebyr, lisensar, byggtjenester og vedlikehald.

Kjøp av varer og tenester som erstattar tenesteproduksjonen er redusert med 2,4 % i forhold til førre år. Postar som inngår i denne gruppa er kjøp frå staten, fylkeskommunen, kommunar, andre og kjøp fra IKS.

Overføringer er redusert med 17,1 % i forhold til 2014. Dette er nesten i tråd med justert budsjett. Avskrivningane er redusert med 0,8 %. I forhold til opprinneleg og revidert budsjett er det ein auke på 3,6 %. Dette spelar inga rolle for sluttresultatet då avskrivningar vert trekt ut igjen før netto driftsresultat vert berekna.

### Finanspostane

Resultat eksterne finanstransaksjonar har auka med 21 % i forhold til førre år. Sjølv om avdrag og renter er redusert i forhold til førre år, så har det vore ein betydeleg reduksjon i utbytte, slik at netto finanskostnader er ein god del høgare i forhold til 2014.

### Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat, omløag -11,2 millionar kroner, seier noko om resultatet etter avskrivningar, men før renter og andre finanspostar er tatt med. I netto driftsresultat (minus kr. 7,8 mill.) er finanspostane med, medan avskrivningane er «nulla» ut.

### Resultatmargin

Netto driftsresultat er eit mykje brukt måltal for korleis kommuneøkonomien utviklar seg. For 2014 rekneskapet blei måltallet endra frå 3 % til 1,75 %. Dette skuldast at frå 2014 blei moms-kompensasjonen frå investeringar ført i investeringsrekneskapet. Tidlegare har denne inntekstposten vore ført i driftsrekneskapet. *Fylkesmannen si vurdering er likvel at ei målsetjing om eit noko høgare netto driftsoverskot enn 1,75 prosent vil vere positivt med sikte på å kunne handtere svingingar i inntektene og for å ha stabilitet i tenestene.*

*Når det gjeld Austrheim kommune sitt netto driftsresultat, er det på -7,8 millionar kroner. I prosent utgjer dette -3,2 %. Som ein kan sjå er det langt i frå målsetjinga.*

### Rekneskapsmessig resultat

Regnskapsmessig resultat er det som er igjen av netto driftsresultat etter fondsavsetningar og andre årsoppgjersdisposisjonar, og fortel om kommunestyret sin planlagte pengebruk og forventa inntekter (budsjett) og faktiske inntekter (regnskap). Driftsregnskapet for 2015 viser eit meirforbruk på nærare 8,3 millionar kroner. I 2014 var det et meirforbruk på ca. 5,2 millionar kroner.

Rekneskapsmessig resultat fordelt på ansvarsområde.

Rammeområde		Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Justert Budsjett 2015	Rekneskap 2015	Budsjett avvik i %	Endring rekneskap 2014 - 2015
100	Rådmann	21 331	15 951	16 794	17 031	16 510	-3,2	-1,7
101	Politisk styring og kontrollorgan	-	3 061	2 971	3 390	3 231	-4,9	8,8
190	Interne serviceeiningar til fordeling	-	3 780	4 530	4 740	4 262	-11,2	-5,9
200	Administrasjon undervisning	1 034	1 083	1 196	1 687	2 266	25,6	89,5
201	PPT og barnevern	7 776	8 440	10 093	10 884	10 897	0,1	8,0
210	Årås skule	19 558	20 676	22 225	23 171	22 582	-2,6	1,6
211	Kaland skule	11 490	12 067	12 830	13 677	13 353	-2,4	4,1
220	Austrheim kystbarnehage	9 041	10 384	12 753	12 851	12 682	-1,3	-0,6
221	Kaland barnehage	6 990	7 419	8 679	8 623	8 151	-5,8	-6,1
250	Musikk- og kulturskule	1 305	1 333	1 477	1 607	1 536	-4,6	4,0
251	Bibliotek	1 267	1 267	1 428	1 451	1 336	-8,6	-6,4
255	Anna kultur	2 057	2 042	2 292	2 404	2 067	-16,3	-9,8
290	Undervisning og arbeidssenter	1 828	1 836	1 815	1 657	1 561	-6,1	-14,0
300	Administrasjon helse og sosial	539	452	498	522	669	22,0	34,3
301	Helsetjeneste	5 616	6 028	7 325	7 554	6 807	-11,0	-7,1
302	Sosiale tjenester	2 257	2 381	2 722	5 587	6 213	10,1	128,3
330	Nordliheimen	19 969	20 551	21 989	22 000	20 626	-6,7	-6,2
331	Kjøkken Nordliheimen	3 278	3 360	3 588	3 564	3 419	-4,2	-4,7
332	Heimetjenester I	8 849	8 894	9 930	9 786	9 740	-0,5	-1,9
333	Heimetjenester II	6 111	7 559	7 281	7 811	8 124	3,9	11,6
500	Plan,byggesak,miljø	2 947	1 923	2 383	2 229	1 325	-68,2	-44,4
501	Interkomm.landbruk/veterinær	-	547	668	600	757	20,7	13,3
600	Administrasjon teknisk	1 612	-384	-1 339	-1 722	-994	-73,2	-25,8
604	Eigedomsavdeling	7 855	8 946	9 005	9 378	8 595	-9,1	-4,6
605	Reinhaldsavdeling	5 227	4 931	5 481	5 112	5 417	5,6	-1,2
TOTALT		147 938	154 524	168 614	175 594	171 130	-2,6	1,5

### Avvik i forhold til justert budsjett 2015

Samla mindreforbruk var 2,6 %. Dette vil sei eit totalt overskot på driftsområda i forhold til justert budsjett med ca. 4,5 millionar kroner. Ei viktig forklaring til dette er ei forventning til eit underskot på minus 12 millionar kroner. Dette blei lagt inn i budsjettjusteringane ved 2. tertialrapportering. Resultatet blei redusert vesentleg i forhold til forventningane på minus 12 millionar kroner. Resultatet blei ca minus 8,3 millionar kr. Derfor er det eit så stort positivt avvik på driftsområdet i forhold til justert budsjett.

Område med vesentlege negative avvik i prosent i forhold til budsjett er avdeling 200 administrasjon undervisning. Her er det et negativt avvik i forhold til budsjett på 579 000 kr. Avviket skuldast i hovudsak fastløn og statstilskot på grunn av auke norskundervisning for flyktningar.

Administrasjon, helse og sosial har ei overskriding på 147 000 kr. I hovudsak gjeld dette statstilskot og tilskot etablering.

Sosiale tenester her ei overskriding på 626 000 kr. Dette skuldast introduksjonsstønad og tilskot til livsopphald.

Interkommunal landbruk og veterinær har eit underskot på 157 000 kroner. Dette skuldast overføring/tilskot til private. Dette er tildelingar av tilskot til tiltak i jordbruket.

Sosiale tenester har ei overskriding på 560 000 kroner. Tilskot til livsopphald er mellom anna årsak til dette.

Teknisk administrasjon, eigedomsavdeling og reinhaldsavdeling har brukt noko over 250 000 kr. meir enn budsjett. Dette gjeld kostnadsoverskriddingar på løn eigne reinhaldarar.

Som det går fram av tabellen ovanfor, er det nokre avdelingar som har overskot, dei vert ikkje kommentert her. Rådmannen vil likevel understreka det ansvaret avdelingsleiarane har utvist ved å halda igjen på tildelt budsjett. Dette skuldast det fokuset leiarane har hatt på innsparingsprosjektet i 2015.

### **Utviklinga i utgifter frå 2014 til 2015**

Driftsutgiftene auka med ca 2,5 millionar kroner i 2014. Dette er ein auke på 1,5 %.

### **Investeringsregnskapet**

Dei totale investeringane i anleggsmidlar var på 41,4 millionar kr. i 2015.

Dei største investeringane er oppgradering Årås skule, sentrumspark, klubbhus og vatn og avløp. Investeringane er finansiert med bruk av lån på ca. 30,8 millionar kroner. Låneopptaket i 2015 har vore på 31,8 millionar kroner. Det vil sei at unyttta lånemidlar har auka med 1 million kroner til 7,2 millionar kroner.

### **Balanserekneskapet**

Totalkapitalen er auka med kr. 43,7 mill. kr. I prosent utgjør det 5,7 %.

Anleggsmidlar består av faste eigedommar, utlån, interne langsiktige fordringar, aksjar, andelar og pensjonsmidlar.

Anleggsmidlane har auka med 45,6 millionar kroner. Dette er 6,5 % auke i forhold til førre år. Auken skuldast bl.a ulike investeringsprosjekt som Årås skule, sentrumspark, klubbhus og vatn og avløp. Innskot i pensjonsmidlar har også auka.

Omløpsmidlane består av kortsiktige fordringar, konserninterne kortsiktige fordringar, premieavvik og bankinnskot. Omløpsmidlane er blitt redusert med ca. 1,9 millionar kroner. Dette er ein nedgang

Eigenkapitalen er omtrent som førre år. Sjølv om meirforbruket har auka monaleg og reduserer eigenkapitalen, så har auken i investeringsfond og kapitalkonto justert for denne reduksjonen.

Langsiktig gjeld består av pensjonsforpliktingar og andre lån (Husbanken og Kommunalbanken). Langsiktig gjeld er auka med 42,9 mill. Dette er ein auke på 7,8 %. Pensjonsforpliktingar har auka med 19,8 millionar kr. og andre lån har auka med med 23,1 millionar kroner. Når det gjeld andre lån, er det i 2015 ikkje tatt opp lån i Husbanken. I KLP er det tatt opp lån på omlag 31,8 millionar kroner. Som det går fram av driftsrekneskapet og investeringsrekneskapet, er det i 2015 betalt avdrag på lånegjeld med kr. 8,6 millionar kroner.

Kortsiktig gjeld er auka med kr. 697 000 kr. Det er ein auke på 1,6 %. Kortsiktig gjeld består av annan kortsiktig gjeld (avsette feriepengar, arbeidsgjevaravgift, feriepengar, moms og diverse utgifter), konsernintern kortsiktig gjeld (forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift, lønn og leverandørgjeld) og premieavvik.

## Økonomi samanlikna med landet

Økonomiske nøkkeltall frå Austrheim samanlikna med landsgjennomsnittet						
	Austrheim 2011	Austrheim 2012	Austrheim 2013	Austrheim 2014	Austrheim 2015	Landet 2015
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	207,9	212,6	221,8	231,5	246,2	215,0
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	22,4	16,8	9,1	2	2,4	16,6
Frie inntekter i kroner per innbygger	49 322	51 958	53 846	54 313	54 669	50 618

I langsiktig gjeld inngår både vanleg lånegjeld og framtidige pensjonsforpliktingar til tilsette i kommunen. Pensjonsforpliktingar utgjer ca. 56,5 % av den langsiktige gjelda. Nivået på pensjonsforpliktingane er berekna etter statelege reglar.

Arbeidskapitalen (omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) fortel om likviditeten, dvs. om kommunen har pengar til å betale rekningane sine til riktig tid.

Frie disponible inntekter fortel noko enkelt sagt om kor mykje av overføringane gjennom inntekts-systemet som ikkje er bunde opp til dei vanlege lovpålagte driftsoppgåvene. Netto lånegjeld, som er renteberekna, har auka ein del frå året før.


## KOSTRA-samanlikningar

Nedenfor vert det vist statistikkar som viser utvikling i tal innbyggjarar i Austrheim kommune dei siste åra.

Statistikkar for netto driftsutgifter for ulike tenester i % av totale netto driftsutgifter, vert og vist frå dei siste åra og er samanlikna med resten av landet.

Tabellane er henta fra heimesida til Statistisk Sentralbyrå (SSB).

Når det gjeld endringa i innbyggjartalet frå 2014 til 2015, har det auka med 5 personar når det gjeld menn og 3 personar nedgang når det gjeld kvinner. Totalt utgjer dette ein auke på 2 personar.



Figuren viser utviklinga i folketal i perioden 2006 til 2016.

	År 2006	År 2007	År 2008	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012	År 2013	År 2014	År 2015	År 2016
<b>Menn</b>											
0 år	8	18	9	6	20	18	7	17	13	14	19
1-5 år	90	82	79	68	57	70	72	72	84	86	84
6-12 år	118	123	130	142	143	134	127	136	120	115	112
13-15 år	53	57	50	46	44	51	57	53	60	65	73
16-19 år	69	71	82	71	78	74	58	72	68	74	77
20-44 år	398	393	391	400	480	501	494	486	472	464	445
45-66 år	388	402	415	412	435	436	436	451	442	429	434
67-79 år	110	110	126	139	142	147	159	161	179	195	196
80-89 år	34	34	31	33	38	35	30	28	31	34	39
90 år eller eldre	9	6	7	8	9	6	5	3	4	4	6
	1277	1296	1320	1325	1446	1472	1445	1479	1473	1480	1485
<b>Kvinner</b>											
0 år	13	16	9	12	11	13	14	19	14	10	14
1-5 år	65	71	76	71	65	68	72	72	89	88	86
6-12 år	118	115	118	118	122	120	112	114	102	117	112
13-15 år	65	58	48	47	52	52	62	62	56	57	47
16-19 år	67	74	79	83	87	78	67	72	75	78	84
20-44 år	336	332	344	337	362	395	399	401	408	397	388
45-66 år	367	374	383	387	393	385	392	393	385	385	394
67-79 år	102	107	114	120	124	132	144	154	162	174	173
80-89 år	63	65	65	65	62	61	50	49	51	53	57
90 år eller eldre	12	12	13	11	14	13	19	18	18	17	18
	1208	1224	1249	1251	1292	1317	1331	1354	1360	1376	1373
	År 2006	År 2007	År 2008	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012	År 2013	År 2014	År 2015	År 2016
<b>Totalt</b>	2485	2520	2569	2576	2738	2789	2776	2833	2833	2856	2858

Tabellen viser tal personer i dei ulike aldersgruppene i perioden 2006 – 2016

Når det gjeld netto driftsutgifter pr. brukar målt i % av totale netto driftsutgifter, for dei ulike tenestene, er dei største endringane frå 2014 til 2015 fylgjande:

- Helse og omsorg er redusert frå 36,1 til 32,5.
- Sosialteneste har auka fra 2,8 til 3,9.
- Brann og ulykkesvern har auka fra 1,2 til 1,9.
- Kultur er redusert frå 5,6 til 4,9.

Netto driftsutgifter for ulike tenester, målt i % av totale netto driftsutgifter	Austrheim 2011	Austrheim 2012	Austrheim 2013	Austrheim 2014	Austrheim 2015	Alle 2015
Administrasjon og styring	10,0	10,7	10,2	9,7	7,6	7,6
Barnehage	10,7	12,6	12,5	14,9	14,2	14,8
Grunnskoleopplæring,	23,7	24,1	24,1	23,8	24,1	23,7
Helse og omsorg	35	37,8	36,1	36	32,5	34,4
Sosialtjeneste	1,7	1,6	1,7	2,8	3,9	5,8
Barnevern	2,4	2,1	2,6	3,1	3,4	3,4
Vann, avløp, renovasjon/avfall	0,6	-0,6	-0,9	-0,9	-1,2	-0,7
Fys.planl./kult.minne/natur/nærmiljø,	2,8	1,9	1,7	1,7	1,2	1,1
Kultur	4,3	5,2	4,9	5,5	4,9	3,8
Kirke	1,9	1,9	1,9	1,9	2,1	1,2
Samferdsel	2,8	2,7	1,7	2,1	1,9	1,4
Bolig	-0,1	-0,2	-0,3	0,1	-0,1	0,1
Næring	1,7	1,7	1,7	1,5	1,9	0,3
Brann og ulykkesvern	1,9	1,7	1,4	1,5	1,9	1,4



## Personalstatus

	Tilsette 2015	Årsverk 2015	Tilsette 2014	Årsverk 2014	Tilsette 2013	Årsverk 2013
Kvinner	273	204,76	274,0	213,2	268	201
Menn	58	49,74	57,0	42,69	55	42
Total	331	254,5	331,0	255,89	323	243

I 2015 har rådmannen arbeidd med reduksjon av stillingar og lønnsreduksjonar. Dette har gitt fylgjande resultat:

### Forhold mellom budsjett lønn og rekneskap i 2015.

	Fastlønn	Lønn lærar
Rekneskap	88 884 000	26 292 800
Budsjett	90 237 000	26 730 000
Innsparing	1 353 000	437 200

Samla innsparing på lønn i 2015 er 1 790 000 kr i forhold til justert budsjett

### Bruk av vikar


Vikarar	
2015	3 716 973
2014	3 868 434
Mindreforbruk	151 461

Vikarbruken i 2015 har gått ned med 151 000 i forhold til bruken i 2014

Når det gjeld innsparinga det her er vist til, gjeld det rekneskap i høve justert budsjett. Budsjettet vart justert i mai der underskotet vart antyda til 12 millionar kr. ved årsslutt. Av det var prognosen på lønn, eit overforbruk på 3,9 millionar kr. Innsparingsprosjektet førte til at lønn i rekneskap kom under budsjett.

Sjukefråvær i perioden 4. kvartal 2014 til 3. kvartal 2015:

	Austrheim	Kommunar
Samla sjukefråvær	7,21	9,93
Legemeldt sykefråvær	6,36	8,6
Eigenmeldt sykefråvær	0,85	1,33
I arbeidsgjevarperioden	3,33	4,27
Utanfor arbeidsgjevarperioden	3,88	5,66
Sjukefråvær kvinner	7,97	11,03
Sjukefråvær menn	3,6	6,06
Heiltidstilsette	5,57	9,53
Deltidstilsette	8,89	10,59
Sjukefråvær undervisningsp.	5,29	8,17
Turnuspersonell	8,26	12,07
Andre	7,38	9,5
Administrasjon	3,46	7,36
Undervisning	5,45	8,46
Barnehagar	12,68	12,56
Helse/pleie/omsorg	7,34	11,35



Sjukefråveret i Austrheim er lågare enn elles i kommunesektoren. I sektor barnehage ligg vi litt over snittet i kommunenorge.

## HMT

Austrheim kommune har kjøpt bedriftshelsetenester frå HMS-gruppen AS for kr. 151 363-. Tiltak i 2015 har vore organisasjonsutvikling, helsetestar for røykdykkarar, målretta helsekontakt med reinhaldarane i teknisk avdeling, kurs i forflytningsteknikk i pleie og omsorg, ergonomiske kartleggingar, arbeidsplassvurderingar, dialogmøte, kurs truslar og vold, førstehjelpskurs, kurs i veiledning av tvang og makt.

## AMU

Det har vore 4 møte i AMU med mellom anna desse sakene:

- Handlingsplanar for arbeidsmiljø for alle avdelingane
- Fordeling av AMU-midlar
- Strategisk kompetanseplan 2015-2020
- Permisjonsreglement
- Dispensasjon til å drive Årås skule med manglande ventilasjon i ombyggingsperioden
- Endring i administrativ organisering
- Retningslinjer for tenestereiser

## Administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet har handsama mellom anna desse sakene

- Frikjøp av tillitsvalde
- Permisjonsreglement
- Strategisk kompetanseplan 2015-2020
- Retningslinjer for tenestereiser
- Endring av administrativ organisering

## Kompetanse

Strategisk kompetanseplan for 2015-2020 vart vedteken på kommunestyre i mars 2015. Planen vert retningsgjevande for kompetansetiltak framover.

Tilsette som har tatt utdanning i 2015:

- Grunnleggjande kommunerekneskap 5 stp. Ein person
- Eigendomsskatt 15 stp. To personar
- Kvalifisering av pleiemedhjelparar til helsefagarbeidarfaget. 12 personar har tatt teoridel. Dei samlar 8 700 timar for å gå opp til fagprøve.
- To av våre tilsette vart helsefagarbeidar i 2015.
- Helsefremjande og rehabiliterande arbeid med eldre 60 stp.
- Matematikk lærarar med 30 stp. To lærarar
- Vidareutdanning innanfor vold og traumatiske lidingar. Ein person
- Master i leiing. Tre personar. Dette er ei fireårig utdanning.
- Ein tilsett som starta på praktisk-pedagogisk lærarutdanning.
- Ein morsmållærar som tok vidareutdanning ved HiB og HiH.

## Lærlingar

- Vi har 8 lærlingar i fag som helsefagarbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget. Vi fekk 5 nye fagarbeidarar i 2015: 4 i helsefag og ein i kokkefaget.

Det er ei målsetjing å tilby tilsette støtte til diverse kompetansetiltak som gjev dei styrka fagkompetanse i jobben. Austrheim kommune arbeider målbevisst med å oppnå støtte til kompetansetiltak frå statlege og fylkeskommunale ordningar. Dette krev ein eigendel frå kommunen som ein bør satsa på å prioritera også framover.

## Samarbeid med tillitsvalde

Rådmannen har møte 1 gang i månaden med hovudtillitsvalde for organisasjonane. Saker som har vore gjennomgått der har vore mellom anna:

- Trafikksikker kommune
- Prosjekt for å tilpassa drifta til endra budsjetttrammer
- Kommunereforma – ny kommunestruktur
- Budsjett/økonomiplan
- Sentrale lønnstillegg og nytt lønssystem

Rådmannen ser dette som ein viktig arena for å ha dialog med organisasjonane. På avdelingsnivå har avdelingsleiarane møte med sine plasstillitsvalde.

## Diskriminering og likestilling

Austrheim kommune har som mål å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremja likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, etnisitet og nedsett funksjonsevne.

Austrheim kommune har

- Retningslinjer for uønska deltid
- Retningslinjer for seniorpolitikk
- Statistikk over lønn kvinner/menn
- Statistikk over sjukefråvære kvinner/menn
- Tilsett ein del framandspråklege i fleire avdelingar

- Retningslinjer for lærlingar
- Retningslinjer for gravide arbeidstakarar
- Bygd opp organisasjonen som ei IA-verksemd.

## Etikk

Austrheim kommune har retningslinjer som gjeld for tilsette og politikarar. I føremålet i desse retningslinjene står det:

*Føremålet med desse retningslinene er å skapa betre medvit om haldningar og etiske verdiar, og dermed styrkja innbyggjarane sin tillit til administrasjon og politikk i Austrheim kommune.*

Rådmannen ser det som viktig å fokusera på dette føremålet i all kommunal verksemd.

## Oppvekst

Dette ansvarsområdet omfattar:

### Skular (1-10):

Kaland barne- og ungdomsskule, Årås skule.

### Barnehagar:

Austrheim kystbarnehage, Kaland barnehage.

### PPT

### Barnevern


### Vaksenopplæringa:

Vaksne norske elevar, vaksne minoritetspråklege elevar.

Eit overordna mål for dette ansvarsområdet, er å skape god ressursutnytting, og gode tilbod gjennom tverrfaglege samarbeidsordningar.

## Skular

Utvikling av elevtal i dei to skulekrinsane



Årstal	Kaland	Årås
2011	154	243
2012	156	242
2013	154	238
2014	157	230
2015	158	233

Elevtalet i kommunen er stabilt.

**Visjon for begge skulane:** Ein god stad å vera, ein god stad å læra!

Det vert satsa langsiktig på kunnskapsbaserte utviklingstiltak i samsvar med kommunen si Utviklingsmelding av 2013. Begge skulane har sidan hausten 2013 deltatt på Utdanningsdirektoratet si satsing "Ungdomstrinn i utvikling".

Første fase – Klasseleing med vurdering for læring, og lesing gjekk fram til ultimo 2014. Begge skulane deltar framleis i Utdanningsdirektoratet si satsing "Ungdomstrinn i utvikling". I Austrheim har vi valt å føre prosjektet vidare gjennom å delta i Vurdering for læring - pulje 6, som også er ei viktig skulebasert satsing finansiert frå Utdanningsdirektoratet. Dette fekk sin oppstart hausten 2015, og begge skulane samarbeider tett i nettverk for å utvikle god lærings- og vurderingspraksis. Satsinga er skulebasert – dvs at den involverer alle tilsette.

PALS (Positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling) er eit viktig verktøy i arbeidet mot mobbing og for god trivsel på skulen. Begge skulane har gjennomført innfasing av del 1 av PALS, og har i løpet av 2015 gått i gang med del 2. Satsinga er skulebasert.

Realfag er eit satsingsområde gjennom eit fast formalisert samarbeid med Austrheim vidaregåande skule og Statoil Mongstad.

Begge skulane utviklar seg etter prinsippa for lærande organisasjonar.

#### **Vidareutdanning:**

To lærarar tok del i vidareutdanning i 2015 – i matematikk.  
Ein tilsett som starta på praktisk-pedagogisk lærarutdanning.  
Ein morsmåslærar som tok vidareutdanning ved HiB og HiH.

#### **Måloppnåing for skulane:**

Skulane måler dette kvart år gjennom

- Nasjonale prøvar i lesing, rekning og engelsk på 5.trinn, 8. trinn og 9.trinn
- Elevundersøkinga på 7.trinn og 8.trinn, som m.a. gir tilbakemelding på trivsel, mobbing, og lærarane sin vurderingspraksis
- Årleg lokal mobbeundersøking
- Eksamensresultat, sluttvurdering ved 10.klasse, og grunnskulepoeng for avgangselevane.

Måloppnåinga vert analysert på kvar skule. Dette vert lagt til grunn for refleksjon over praksis, og strategi for utvikling og endring av praksis. Resultata vert gjennomgått i skulesektoren sin årlege tilstandsrapport , som vert lagt fram for kommunestyret.

### **Kaland barne- og ungdomsskule**

- Systematisk oppfølging av lesing på alle trinn. Tidleg innsats – finne gode lesestrategiar for den einskilde eleven. Vekt på lesekompetanse i alle fag.
- Trivselsprogrammet - har utdanna elevar til aktivitetsleiarar i friminuttane.
- Vurdering for læring – har starta eit tett samarbeid med Årås skule
- PALS – har starta med del 2 i 2015
- Trygg på scenen – skulen sin årlege bygdekveit. Årets tema var vennskap.
- Utvikle bruken av den digitale læringsplattforma It's learning på alle årstrinna.
- Tiltak for å betre arbeidsmiljøet i personalet.
- Heilårs skulefritidsordning (SFO). 22 påmelde i dette tilbodet hausten 2015. Her tar ein også i mot SFO-barn frå Årås i skuleferiane.

### Tilsette Kaland barne- og ungdomsskule:

- 18 lærarårsverk fordelt på 20 lærarar, ingen ufaglærte.
- Adm: 80%+50% fordelt på rektor og inspektør
- Rådgjevar 20% av lærarstilling
- 50% kontorfullmektig.
- Assistentar: 4,8 årsverk fordelt på 5 tilsette i skulen og SFO.
- SFO-leiar 20 % adm.ressurs.
- 1 vaktmeister og 3 reinhaldarar.

## Årås skule

### Årås skule sine satsingsområde i perioden 2014-2017

- **Skule- heim samarbeid** - “Saman om ein god skule”, med deltakande foreldre.
- **Læringsmiljø i sentrum** - Trygt læringsmiljø gjennom god klasseleiing, og rettleiande vurderingspraksis.  
PALS – forventningar til positiv framferd  
Skulen deltar i trivselsprogrammet, med elevar som er utdanna som aktivitetsleiarar i friminuttane.  
Felleskap og gode opplevingar gjennom faste samlingar for heile skulen.
- **Betre læring** - elevdeltaking, SOL (systematisk observasjon av lesing på alle trinn), og arbeide systematisk med lesing i alle fag. Utvikle klasseleiingskompetanse gjennom kollegarettleiing, og utvikle gode vurderingsrutinar (Vurdering for læring).  
Kollegarettleiing med fokus på klasseleiing  
Byggje opp kompetanse i fellesskap (skulebasert kompetanseutvikling) innafør satsingsområda  
Den naturlege skulesekken – eit satsingsfelt i regi av Utdanningsdirektoratet, som har som mål å utvikle medvit om berekraftig utvikling og auka miljøengasjement hjå elevar og lærarar.
- **Betre resultat** - Utvikle gode dokumenteringsrutinar og god analysekompetanse hjå lærarane gjennom bruk av analyseverktøya PULS og VOKAL. VOKAL gir tilbakemelding om korleis elevane meistarar, heilt ned til individnivå.
- **Omsetje** resultatforståinga til praksis i klasserommet.


### Tilsette Årås skule:

- 27 lærarårsverk fordelt på 29 lærarar (26 kvinner og 3 menn)
- Assistentar: 7 årsverk fordelt på 9 tilsette – 2 årsverk av desse er knytt til SFO
- 2 reinhaldarar (to årsverk)
- 83% kontorfullmektig
- Vaktmeister 35%

Talet på tilsette er stabilt ved begge skulane over mange år, og avspeglar såleis det stabile elevtalet vi ser i diagramma i starten av kapitlet.

## Spesialundervisning

Utvikling av prosent elevar som får spesialundervisning i kommunen



Grafen viser ein situasjon som er utfordrande. 14,96 % av elevane fekk enkeltvedtak om spesialundervisning skuleåret 2014/2015. Det utgjer 57 elevar – eller to heile klassar. Her er små variasjonar mellom skulane, og 77% av desse elevane er gutar. Hausten 2015 går talet litt ned, 46 elevar får spesialundervisning (11,79%), og 72% av desse er gutar.

Merk at grafen seier ikkje noko om timetalet som går med til spesialundervisning. Her kan det vere store variasjonar frå elev til elev.

Det er sett i gang eit tverrfagleg arbeid, der ein ynskjer å auke kvaliteten på den ordinære undervisninga slik at fleire elevar kan få tilpassa opplæring innafor dei rammene skulen disponerer. Målet er å redusere talet på elevar med spesialundervisning - ned mot 6-7% av elevane i første omgang. Dette er ei utfordring dei fleste kommunane i landet slit med, men mange kommunar har etter kvart funne løysingar som reduserer talet på enkeltvedtak om spesialundervisning kraftig. Dette har dei fått til samstundes som dei registrerer eit betre læringsutbytte hjå dei elevane som får tiltaksplan I standen for enkeltvedtak om spesialundervisning. Dette blir eit stort systemisk arbeid som vil involvere alle partane i skulen.

I tillegg må ein ha i mente arbeidet som er i gang knytt til tidleg innsats i barnehagane og i skuleløpet (Jfr La Linea). PPT skal arbeide meir systemretta saman med barnehagane og skulane, og slik dra nytte av å sjå samanhengar i oppvekstløpet som kan kome barna til nytte. Målet er at PPT får kome tidleg inn med rådgjeving i høve tiltaksvurdering og organisering, og bidra til eit godt utviklingsarbeid både i barnehagane og i skulane.


## Skulefritidsordning

Skulefritidsordninga (SFO) er eit tilsyns- og omsorgstilbod for barn på 1 - 4. trinn før og etter skuletid. Det er etablert slik ordning ved begge skulane i skuleåret. Tilbod ut over skuleåret (feriane) er lagt til Kaland barne- og ungdomsskule, som eit felles tilbod for begge skulekrinsane.



## Barnehagar

### Utvikling av barnetal i dei to barnehagane



Grafen viser litt nedgang for Kaland barnehage frå 2014 til 2015. Det kan tilføyast at tala ovanfor gjeld for hausten. Våren 2015 var barnetala 75 for Kaland barnehage og 110 for Austrheim kystbarnehage.

I desember 2015 endra Austrheim kommune barnehageopptak frå to opptak pr. år til eitt opptak pr. år, med søknadsfristar 01. mars. Endringa trer i kraft f.o.m. januar 2016.

Etter vedtak i regjeringa, vart det f.o.m. 01.05.2015 innført redusert foreldrebetaling for husstandar med låg inntekt. Ingen skal betale meir enn 6% av husstanden si skattbare inntekt for ein barnehageplass. Regjeringa gjorde også vedtak om gratis kjernetid for familiar med låg inntekt. Denne ordninga vart innført med verknad f.o.m. 01.08.2015. Ordninga gjeld for 4- og 5 åringar, og barn med utsett skulestart. Kjernetid er definert som tida mellom kl. 10.00 og 14.00, så for ein full barnehageplass (5 dagar pr. veke) blir den samla kjernetida 20 timar. Med verknad frå 01.08.2015 vart denne ordninga gjort gjeldande for husstandar med skattbar inntekt lågare enn kr. 405 000.

Hovudsatsingsområde for tidleg innsats i begge barnehagane: Språk, kommunikasjon, sosiale ferdigheiter (vennskap, mobbing, etc.) og "De utrolige årene" (DUÅ). Det siste handlar om å gi vaksne god kompetanse i å kommunisere med barna, og det å skape høg kvalitet på relasjonar mellom vaksne og barn. Barna får også auka sosial kompetanse og auka respekt for kvarandre som individ. Begge barnehagane ser god effekt av DUÅ.

I 2015 starta begge barnehagane opp med "Dinosauruskulen". Målet med Dinosauruskulen er kort fortalt å styrkje barna sin sosiale og emosjonelle kompetanse, og å styrkje barna sitt sjølvbilete og oppleving av meistring. Dei øver på å forstå følelsar hjå seg sjølv og andre, ta andre sine perspektiv, bli betre til problemløysing og konfliktløysing, bli betre på sjølvregulering og sjølvkontroll.

Ein ser den gode effekten av DUÅ m.a. på følgjande måtar:

- samkjørt og trygg vaksenkontakt med barna
- mindre åtferdsvanskar
- ein roleg atmosfære i barnehagen
- mindre mobberelatert åtferd

Talet på minoritetsspråklege barn er aukande. Dette kjem av arbeidsinnvandring, familiegjenforeining og at kommunen har tatt imot flyktningar dei to siste åra.

Det ser ut for at den totale barnehagekapasiteten i kommunen er god nok førebels. Kaland barnehage er full, medan Austrheim kystbarnehage har litt å gå på. Så må det føyast til at 2015 vart eit år der kommunen måtte setje inn sterkt sparetiltak. Dette gjer at ein ikkje har bemanna til full kapasitet i Austrheim kystbarnehage.

Kaland barnehage har, p.g.a. bygningsmessig kapasitet, stabilisert kapasiteten på godkjent kapasitet, som er 72 barn.

Begge barnehagane fungerer som lærande organisasjonar, og arbeider målretta med å utvikle seg som det. I 2015 deltok dei på eit regionalt barnehagebasert utviklingsarbeid knytt til leiing og kvalitetsutvikling med fokus på eigen pedagogisk praksis. I etterkant av dette arbeidet skal det opprettast regionale kompetansenettverk der barnehagane kan finne seg samarbeidspartar frå andre kommunar i regionen. Utviklingsarbeidet er i regi av Nordhordland kursregion.

### **Austrheim kystbarnehage (AKB):**

AKB har totalt kapasitet til 144 plassar. Desember 2015 hadde AKB 98 barn fordelt på 129 plassar.

Tilsette pr. des. 2015: Totalt 30,6 årsverk fordelt på 37 tilsette. Tal pedagogar: 12. Administrasjon: 2

### **Kaland barnehage:**

Denne barnehagen har i utgangspunktet kapasitet til 94 plassar. Pr. desember 2015 hadde Kaland barnehage 62 born fordelt på 77 plassar.

Tilsette: 21,6 årsverk fordelt på 25 tilsette. Tal pedagogar: 9 Administrasjon: 1,4 årsverk.

### **PPT**

Tenesta er bemanna med logoped 100%, PP-rådgjevar 80% og Fagleg leiar/PP-rådgjevar 100%.

Fedje kommune har avtale om kjøp av tenester frå Austrheim PPT tilsvarande 100 timar pr. år.

Lindås kommune kjøper tenester frå Austrheim PPT for elevar frå Lindås som går på Kaland barne- og ungdomsskule. Det er i hovudsak skulane som melder inn saker til PPT, men det kjem også ein del frå barnehagane. Ikkje alle sakene endar med sakkunnig tilråding om behov for spesialundervisning i skulane/spesialpedagogisk hjelp i barnehagane, men mange gjer det.

Arbeidet som no vert gjort i heile oppvekstlinja med tanke på tidleg innsats, skal gjere behovet for å melde opp elevar til PPT mindre. Dette systemarbeidet, knytt til å endre fokus frå enkeltvedtak om spesialundervisning til tiltaksplanar innafor skulen sitt normale tilbod, skal få ned volumet på spesialundervisning i skulen. Dette arbeidet er forankra i skulane og PPT si deltaking i felles kompetanseutvikling i Vurdering for læring som kom i gang f.o.m. hausten 2015.

### **Aktivitet i 2015**

PPT prioriterer arbeid med enkeltsaker og fylgjer desse opp i ved å delta på samarbeidsmøter, ansvarsgrupper og rettleiing. Det var i 2015 ein svak nedgang i forhold til tilvisingar på enkeltelevar i Austrheim.

PPT har også fått tilvising på systemsaker frå skulane. Døme dette kan vere faktorar i læringsmiljøet. Då har PPT utført observasjon i klassar som opplever ulike utfordringar, og PPT er ein samarbeidspartnar i arbeidet med å vurdere ulike faktorar som den enkelte lærar eller skuleleiar kan ha relativ stor innflytelse på.

Det er for tida ei nasjonal satsing i forhold til eit fagleg løft av PPT. Den politiske målsettinga er å heve systemkompetansen i PPT. I 2015 har fagleiar i Austrheim PPT starta leiarutdanning ved NTNU for PP-leiarar. Fagleiar er deltakar i det nyoppretta leiar-nettverket i Hordaland.

PPT og Barnevern i Austrheim har sidan 2011 vore i eit samarbeid med barnehagane i kommunen, der ein driv kompetanseutvikling og førebyggjande arbeid gjennom prosjektet De Utrolige Årene (DUÅ). Dette programmet er no ferdig implementert i barnehagane i Austrheim. PPT har drive kompetanseutvikling og rettleiing inn mot barnehagane i forhold til DUÅ, Dinosaurskulen og andre aktuelle tema. Dette arbeidet er retta mot heile personalgruppa, avdelingsvis, eller knytt opp mot enkeltsaker. Logoped har deltatt i språkgrupper i barnehagane og har også drive med kurs i norsk med teiknstøtte ( NMT).

4 gonger i året er PPT med i nettverk saman med andre PPT- kontor og Statped Vest. Ein drøftar system – og individualsaker på desse møta. Fagleiar i PPT har også deltatt på jamlege møter med styrarane i barnehagane og kommunalsjef for oppvekst. Det også eit ynskje om at fagleiar deltek på møter med rektorane og kommunalsjef for oppvekst.

I Austrheim er til dømes DUÅ til barnehagetilsette , Dinosaurskulen ( DUÅ) for førskuleborna og PALS døme på systemretta arbeid som PPT deltek i. PPT er også delaktig i felles prosjekt for grunnskulane i Austrheim « Vurdering for læring».

### **Samarbeid med andre:**

Administrasjon i kommunen, skulane, barnehagar, vaksenopplæring er nære samarbeidspartnarar og interessentar for PPT. PPT samarbeider også med 1. linjetenester i kommunen, knytt til helse, barnevern og NAV. Vidare med Statped (spesialpedagogisk støttetjeneste for kommunar og fylkeskommunar), HABU (Habiliteringsseksjonen for barn og unge, med ansvar for å tilby spesialisthelsetenester til barn og unge i alderen 0 – 18 år, BUP (Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk)

### **Framtidsplanar**

PPT ynskjer å delta i arbeidet med å lage gode samarbeidsarenaer og system knytt til tidleg innsats på skulane og i barnehagane.

Alle tilsette i PPT Austrheim skal i 2016 delta på etterutdanning som er betalt av midlar frå Fylkesmannen. Nettverket for PPT-kontora i Nordhordland har utforma ein plan for bruk av desse midlane. Det er planlagt ei kursrekke over 3 dagar våren 2016, der hovudtema er «Organisasjonsutvikling og endringsarbeid».


## Barnevern

Barneverntenesta gjeld for barn i alderen 0-18 år. Barneverntenesta har tre 100% stillingar, fagleiar og 2 barnevernkonsulentar. Den eine stillinga har stått ledig store delar av 2015.

Austrheim barnevern har avtale med Fedje kommune, som kjøper barneverntenester.

### Meldingar til barneverntenesta

#### Utvikling i tal bekymringsmeldingar til barnevernet



Grafen viser at talet på saker heldt seg høgt. I 2015 tok barneverntenesta i mot 44 meldingar. 6 av meldingane vart lagde bort. Årsak til at meldingar vart lagde bort kan vera at barneverntenesta allereie er inne med tiltak i forhold til barnet, eller at det ikkje er grunnlag til å setje i verk tiltak. Anna årsak kan vera at barnet flyttar i undersøkjingsperioden. I slike tilfelle vert det sendt melding til barneverntenesta i den nye bustadkommunen. Barneverntenesta har sett i verk 112 tiltak i 2015.

### Samarbeid med andre instansar

PPT, helse, psykiatri, skular og barnehagar, fosterheimar, besøksheimar, politi, advokat, NAV, Bufetat, Fylkesmannen.

#### Kompetanseheving:

De Utrolige Årene er eit tverrfagleg samarbeid for å styrke kompetansen for personalet i barnehagane. Barnevernet og PPT har i samarbeid ansvar for å rettleie og følgje opp dette arbeidet i barnehagane.

Konsultasjonsteamet for vold og seksuelle overgrep er eit tverretatleg samarbeid mellom kommunane Meland, Radøy og Austrheim.

Frå hausten 2014 byrja fagleiar i barneverntenesta på vidareutdanning på vald og traumatisk stress.

### **Utfordringar:**

Den største utfordringa for barneverntenesta framover er korleis ein skal få til ei teneste som på ein god måte tar vare på og gjev dei rette tiltak som barna i kommunen har krav på.

Frå sentralt politisk hald kjem det signal om at ingen barneverntenester i kommunane bør ha mindre enn 5 tilsette. Med eit stadig mindre tilbod om hjelp frå Bufetat, ser ein behov for større einingar. Det er ynskje frå barnevernleiarane i Nordhordlandskommunane at barneverntenestene vert slått saman.

## **Vaksenopplæringa (VO)**

### **Vaksenopplæring – norske elevar**

Det er til saman 3 personar som har tildelt timar til vaksenopplæring. Til saman er det nytta ca. 73% stilling til dette føremålet. Brukarane av tenestene får eit personleg tilpassa undervisningstilbod slik dei etter lovverket har krav på. Brukarane søker om vaksenopplæring, PPT gir sakkunnig tilråding og rådmannen gjer vedtak i desse sakene. Ein viktig, men høvesvis liten del av dette tilbodet er logopedtilbod til afasi-/slag-pasientar.

### **Vaksenopplæring – minoritetsspråklege elevar**

Ved utgangen av 2015 hadde vi 3,2 årsverk knytt til norskundervisning av vaksne minoritetsspråklege elevar inkl. 20% stilling til adm (koordinator for VO). Vi har godt kvalifiserte lærarar i alle stillingane. Dette er på same nivå som året før. Alle stillingar som er knytt til elevar med rett og plikt til norskopplæring vert dekkja gjennom statlege tilskot. Med verknad frå 01.01.2015 la vi ned tilbodet til norskopplæring for arbeidsinnvandrarar på kveldstid. Dette var eit tilbod som vi vurderte til å vere for kostnadskrevjande for Austrheim kommune å tilby. Vaksenopplæringa for minoritetsspråklege elevar gir

### **Norskopplæring for vaksne minoritetsspråklege elevar**


- Introduksjonskurs for flyktingane som Austrheim kommune tar imot
  - Arbeider med å gjere flyktingane kjent med korleis det norske samfunnet fungerer nasjonalt og lokalt – med særleg vekt på utdanning, det å bu, yrke og arbeidsliv
- Språkarbeidsplassar til flyktingane
  - Arbeidslivsnorsk
  - Oppfølging av elevane og verksemdene som tilbyr språkarbeidsplass

I tillegg til dette, har vi i 2015 kjøpt undervisning (50 timar) i samfunnskunnskap som fjernundervisning hjå Lindås kommune. Vi har også kjøpt grunnskuleutdanning for 4 vaksne minoritetsspråklege elevar hjå Lindås kommune. Førebels er elevtalet på dette for lågt i Austrheim kommune til at det lønar seg å gi denne undervisninga her i kommunen.

I 2015 starta vi opp eit prosjekt med statleg tilskot, som gjekk på bruk IKT – særleg retta inn mot innvandrarkvinner. Prosjektet vil bli avslutta våren 2016, men vil då vere ein naturleg del av norskopplæringa.

Denne avdelinga er bemanna med god kompetanse for norskopplæring og introduksjonskurs, og er godt rusta til å ta i mot eit tal fleire minoritetsspråklege elevar utan å måtte utvide med nye tilsetjingar. Avdelinga heldt til i gamle Årås barnehage, og flytta over i nye lokale i Klubbhuset ved Idrettsparken rundt årsskiftet 2015/2016.

#### Tal elevar ved dei ulike gruppene i 2015



Grafen viser tal elevar i dei ulike gruppene, med ein total på 16 elevar ved utgangen av 2015. Vårsemesteret hadde totalt 18 elevar. To av desse vart ferdige med si obligatoriske norskopplæring.

#### Målsetjing framover:

Flyktningar mellom 18 og 55 år som kjem til Austrheim kommune er omfatta introduksjonsloven, som set krav om rett og plikt til deltaking i introduksjonsprogrammet. Programmet skal starte innan tre månader etter busetjing, og kan vare i inntil to år. Det skal innehalde norskopplæring, samfunnskunnskap og tiltak som førebur til vidare opplæring eller tilknytning til arbeidslivet.

Målsetjinga er å få alle deltakarane gjennom introduksjonsprogrammet i løpet av 2 år, med så god kvalitet at dei kan kome seg vidare - enten i utdanning eller i arbeidslivet. Dette stiller særlege krav til språkarbeidsplassar, arbeidslivsrelatert norskopplæring og tett oppfølging på språkarbeidsplassane i introduksjonsperioden.

## HELSEAVDELINGA

### MÅLOPPNÅING:

#### HOVUDMÅL:

- Halde fagleg oppdatering og gje helseteneste etter årmeint aksepterte mål.

#### DELMÅL:

- Fremja psykisk og fysisk helse og arbeide for best mogelege sosiale og miljømessige tilhøve.
- Kontinuerleg å sikre tilgjenge og god kontinuitet i tenestene, heilskap og koordinering av tenester:

#### Måloppnåing:

- Det er ikkje registrert døme på at tilgjenge har vore ein kritisk faktor.
- Å vera tilgjengeleg på telefon er stadig ei utfordring, men betra. Statlege krav er svar innan to minuttar.
- Det vert drive økonomisk forsvarleg i samsvar med politiske vedtak inkludert budsjett og arbeid for budsjettbalanse for avdelinga samla etter justeringer gjennom året.

#### Drive sikkert for pasient og tilsette.

- Det er ikkje registrert avvik frå lover eller at driften har ført til negative helsekonsekvensar for innbyggjarane.
- Det er ikkje registrert skriftlege klager der pasientane har fått medhald frå tilsynsmynde. Heilt sporadisk munnleg misnøye med tilgjenge har det vore, men aldri med negative konsekvenser.
- Oppdatering/revisjon av planer er ikkje à jour. Dette krev samarbeid utover avdelinga.

Frå hausten 2015, vart tenestene Jordmor, skulehelsetenesta, helsestasjon og psykiatrisk teneste overført frå det tidlegare Familiekontoret til helseavdelinga. Avdelinga seier dei opplever dette positivt.

### UTFORDRINGAR:

- Møte auka tenestebhov innan strame rammer
- Minimal økonomisk handlingsrom.

## Legekontoret

### BRUKARAR:

Alle som bur i Austrheim kommune, i tillegg til dei som oppheldt seg i kommunen, har rett på hjelp i akutte situasjonar. Tilflytta flyktningar har rett til fastlækjar .

Legekontoret har 2 600 pasientar på listene. Kommuneoverlegen har 1 200 av desse. Det er eit mål å redusere dette talet for å gi meir tid til arbeid og ansvar for kommuneoverlegen. Innbyggjarar som ikkje har fastlege her får sitt basistilskudd tilført eigen lækjar. Dette fører til ei manglande inntekt til kommunen på om lag 110 000 kr. Kommunestyret har gjort vedtak om å opprette ei tredje fastlegestilling når legane har avvikla permisjonane sine. Dette kan ta tre år.

Tilsynslækjarfunksjonen i Nordliheimen / PLOMS går inn i lækjarane si løn i Helseavdelinga.

Funksjonen fører til noko aktivitet på kveldstid i lækjarane si vakt.

## Førebygging, skule- og helsestasjonsarbeid

Det er gjennomført program for helseopplysning, foreldre- og elevretteleing, helseundersøking, vaksinasjoner og gitt tilbod om støtte og hjelp ved behov. Tilbodet har høg bruker oppslutning og stor tilgjenge. Ein har hatt fokus på å sette alle i stand til å kunne påverke faktorar som fremjar helse, trivsel og meistring.

Tenesta har samarbeid med eit stort tal instansar i eigen kommune, sjukehus, statlege organ, helsesøsternetverk, Høgskule osv.

## Fødde barn i 2015 i krinsane

Kaland	År
13	20

Det er auke i tal tilvisingar til BUP

## Interkommunale ordningar

Nordhordland Legevakt (NLV).

Austrheim deltar i interkommunal legevakt med Lindås kommune som vertskommune. Kommunen tek del i:

- Daglegevakt, kommunen blei med her frå 2009.
- Legevakt ettermiddag/natt
- Legevakt helg og høgtidsdagar

I tillegg driv kommunen lokal legevakt fram til kl. 20.00.

Kostnadene for Austrheim i Nordhordland Legevakt er 1 590 000. I tillegg kostar daglegevakta som Lindås driv 50 000 sidan 2001.

Austrheim tek og del i kommunale Akuttsenger Døgntilbod(KAD). Dette tilbodet er knytt opp til Nordhordland Legevakt i Knarvik. Tenesta er opplevd god av dei som brukar ho, men det er berre eit belegg på om lag 40%. Kostnadene med dette er med i beløpet ovanfor frå 2013.

Kommunen tek del i interkommunal teknisk hygienisk samarbeid, der Lindås kommune er vertskommune.

## PSYKISK HELSETENESTE

Psykiatrisk sjukepleier er leiar for tenesta.

Ho deltek i Kriseteamet og har omfattande oppfølging av brukarar, både kronisk sjuke inkludert rusmiddelavhengige og som ledd i behandling ved meir akutte tilfelle. Tenesta som vert gjeve gjer det mogeleg for mange å bu heime som tidlegerare ville vore på institusjon. Ein kan sjå endringar raskt og gjere tiltak som stabiliserar sjukdomen og skaper tryggleik. Psykiatrisk sjukepleier er IP-koordinator for brukarar med samansette behov også i Vestlia.

Psykologstillinga har vore vakant i den tida tenesta har lagt i Helseavdelinga.

Assistent/aktivitetstilretteleggjar/miljøterapeut har fungert i 40% stilling inntil 31.10.15. Arbeidet var gjort svært fleksibelt og til stor nytte for brukarane på deira premissar og ut frå deira behov. Denne stillingsheimelen vart trekt inn og lagt inn i den nyoppretta psykologstillinga.

Det har vore 74 pasientar/brukarar i 2015, 32 er avslutta og 42 stadig i systemet

Ein arbeider for tidleg intervensjon knytt til kriser, depresjon og angst. Terskelen for å søkje hjelp er generelt blitt lågare, og ein arbeider meir på systemnivå som førebygging av psykiske lidingar, opplysningsarbeid og anna arbeid for å motverke stigmatisering.



## FYSIOTERAPI:

Kommunalt tilsette:  
100 % Leiande fysioterapeut  
40 % kommunal fysioterapeut

Prioriteringar i 2015:

- Barn
- palliative pasientar
- Postoperative pasientar
- Alvorleg skade eller sjukdom
- Gravide sjukemelde som står i fare for langtidssjukemelding .

Ein har drive grupper i:

- Barseltrening
- Trim for tilsette på Nordliheimen
- Trim
- Fallførebyggjande gruppe,
- Tverrfaglege ressursdagar.

### Avtalepraksis med private

Kommunen har driftsavtale med ein fysioterapeut som driv Austrheim Fysioterapi. Tal frå instituttet viser:

Oversyn over aktiviteten:

Type	Tal 2015	Tal 2014	Kvinner -15	Kvinner -14	Menn 15	Menn -14
Tal pasientar	154	145	97	98	57	47
Påbegynte seriar	247	220	168	147	79	73
Avslutta seriar	126	124	96	86	30	38
Tal konsultasjonar	4239	4852				
Snitt kons. Pr dag	22,1	19,6				

### Personale i helseavdelinga

Kommunale fysioterapeutar	140 %
Avtalefysioterapeut	100 %
Leiar Lækjarkontoret Helsesekretær	100 %
Sjukepleier	100 %
Helsesekretærar, tre personar	260 %
Lækjar	200%
Turnuslækjar	200 %

## PLOMS – Pleie og omsorg

### Handlingsprogram

Helse- og omsorgstenestene har fylgjande mål:

- Tidleg innsats framfor sein innsats
- Endå betre samarbeid mellom helsetenesta og pleie og omsorg
- Fleire oppgåver med kvar brukar i kommunen
- Auka kompetanse

Hovudmålet er at pasientane og brukarane skal få eit tilbod som heng betre saman. I Austrheim har dette vore sterkt styrande for avdelinga.

I 2015 har det vore arbeid med å styrka forvaltninga gjennom å få på plass vedtak både i IPLOS, IKT-systemet og ut til brukarane. Det er ei utfordring at vi har få vernepleiarar/sjukepleiarar i Vestlia-avdelinga.

#### Økonomisk resultat

Av spesielt positive tiltak i avdelingane nemner vi:

- Arbeidssenteret har fått sett opp garasje som vert nytta til vedhus
- Nordliheimen har fått ny vinterhage i sør. Dette er stor suksess for brukarane.

I 2015 har det vore periodar med ledige senger på Nordliheimen, frå årsskiftet stengte dei 6 senger på sjukeheimen.

#### Statistiske opplysningar

Tiltak	Tal	Kommentar
Vedtak om heimetenestar	72	Samla for H I og H II
Stillingar heimesjukepleien	11,63	
Stillingar nattpatruljen	1,80	
Brukarar heimetenestar	60	
Tryggleiksalarmar	33	
Kjøparar av middagar pr. dag	23	
Kommunale omsorgsbustader i Vestlia	13	
Omsorgsbustader Furuly	10	4 var nye i 2013
Omsorgsbustader Sætremarka	14	Austrheim kommune eig 3
Vedtak på støttekontakt for personar over 18 år	17	
Korttidsopphald på Nordliheimen	Ca. 31	
Tildelt langtidsopphald	Ca. 3	

I 2015 har budsjettet vore ei stor utfordring. Avdelingsleiar har arbeid tett med økonomisjef for å tilpassa drift til ramme.

Oversyn over økonomisk resultat på dei ulike tenestene, oversynet er basert på resultat i forhold til justert budsjett ved 2. tertialrapportering, minus framfor viser overforbruk.

Ansvar	Resultat
Arbeidssenter	96 000
Nordliheimen	1 374 000
Kjøkken/vaskeri	145 000

Heimetenester I	46 000
Heimetenester	- 313 000
Samla overskot	1 348 000

Samla kjem avdelinga ut med eit overskot i høve justert budsjett med 1 348 000 kr.

## Kulturavdelinga

Kulturavdelinga femnar om allment kulturarbeid (255) , tenesteområda kulturskule (250) og bibliotek (251).

### Kulturskule – ansvar 250


*«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles».*

Kulturskulen har tilbod om: Babysong, Musikk i barnehagen, Barnekor, Musikk til mennesker med særlege behov, Visuell kunst, Piano, Keyboard, Gitar, Band og Korpsinstrument (elevane er ikkje registrert i kulturskulen)

Kulturskulen sel dirigent- og intruktørtenester til Austrheim skulekorps, Kaland skulemusikklag og Austrheim Songlag. Skulen har utvikla eit bandtilbod for gitarelevane.

Tiriltunge barnekor tel dette året 35 born. Koret er no delt i 2 grupper, men opptrer også saman når det er tenleg.

Teikne- og maleelevane har hatt fleire utstillingar både kulturskulen og i Galleri Trappa.



*Haustutstilling i GalleriTrappa, elevarbeid kulturskulen.*



**Bibliotek – ansvar 251** er ein lovpålagt teneste der kvar kommune skal ha eit folkebibliotek. Formålet står i Lov om folkebibliotek

Frå semesterstart skuleåret 2014 overtok folkebiblioteket ansvaret for skulebiblioteket på Austrheim vidaregåande skule. Vi får refundert ei 35% stilling frå fylkeskommunen. Austrheim folkebibliotek, har også ansvar for skulebiblioteket på Kaland, og har to faste bibliotekeiningar;

hovudbiblioteket i kommunehuset, og Fønnes filial på Kaland skule. Biblioteket har ope 25 timar i veka. I Austrheim har folkebiblioteket felles elektronisk katalog med Kaland- og Årås skulebibliotek. Utlånet er automatisert og vert administrert ved hovudbiblioteket på kommunehuset.

Biblioteket jobber for å auke leseglede og vil stimulere til meir lesing.

Vi inviterer til:

- -Sommarles for born i grunnskulen (fritidsles)
- -Best i test! For 8. klasse (ungdomsskulen)
- -Leseknappen 2. klasse (fritidsles)
- -Sommarbibliotek i Årvika og på Mastevik kai
- -8 Rullup m/utstilling på turnè i NB8
- -Forfattartreff, Messie på ungdomsklubben

Biblioteka i Nordhordland har fokus på formidling av litteratur og kvart semester har vi fagdagar «Strileseminar» der alle biblioteka i NH presenterar bøkar for kvarande.

Kari Tresnes har teke del i studiet «Munnleg formidling» 15 stp.



#### **Tiltak barn/ungdom – Ungdomsklubben**

Saman med leiar for ungdomsklubben tilbyr ungdomskoordinator ulike fritidsaktivitetar for ungdom i aldersgruppa 8. klasse til 2. vgs.

Ungdomskoordinator har kontakt med ulike lag og organisasjonar for å samarbeide om tilbod til ungdom

Austrheim ungdomsklubb flytta inn i nye lokale i 2015. Både dei tilsette og ungdommane som brukar klubben, er godt nøgde med dette. Ungdomskoordinator og klubleiar seier at arbeidsdagen er lettare med eit bygg som er tilpassa aktivitetane dei driv med. Aktivitetsnivået har auka og det er mange nye som brukar ungdomsklubben no, spesielt kjekt er det at det er fleire frå Kaland som kjem.



Austrheim ungdomsklubb brukar framleis havsporthuset på Mastrevik kai, og i 2015 var det Friluftslivetsår. Vi hadde mange aktivitetar ute. Når ungdomsklubben har vore på kaien har det vore 25-30 ungdommar i aktivitet.

Ein gong i månaden har det vore fredagsarrangement i samarbeid med Radøy. Dette samarbeidet heiter LARM. Desse arrangementa er svært populære.

Austrheim ungdomsklubb har vore med på å arbeida dugnad på opninga av Årvika og «Kom deg ut dagen» i Øksneset. Dei var i Årvika i samband med havcampen og arbeidde under ein «Smak av Austrheim.» Det er og gjort dugnad på senteret ved arrangement der

**Ungdommens kulturmønstring (UKM) vert** arrangert saman med Radøy, Fedje, Meland, Lindås og Masfjorden. Fedje hadde og hovudansvaret i 2015 og mønstringa var i fleirbrukshallen på Fedje. Fylkesmønstringa var i Grieghallen. To ungdommar frå Austrheim gjekk vidare til finalen, Emilia Arnesen Langøy og Oda Monslaup Ese.

#### *Ungdomsrådet*

Ungdomskoordinator er sekretær for ungdomsrådet. Ungdomsrådet har hatt 6 møter i 2015..

Ungdomsrådet har diskutert budsjettet for 2016 og kom med kommentarar til forslag om stenging av bassenget på Kaland. Dei har deltatt i debatten om skulestrukturen.

#### *Friskus*

Kulturavdelinga og Heimeteneste II, samarbeider om turar som er tilrettelagt og turprogram med månadlege Friskus friluftsturar. I havsportsveka hadde vi eige program med ribbtur og arrangement på Rongevær kurs- og fritidssenter. Radøy er også med på ulike tilrettelagte arrangement.



#### *Selsøy*

Neptun Pensjonistklubb arrangerer kvart år markering av 8. mai på Selsøy. Eit flott område for refleksjon og rekreasjon. Neptun jobbar med oppgradering av området.

## Utfordringar

Vi har stor aktivitet i forhold til ressursar. Det er lite tid til planarbeid, administrasjon og forvaltning. Samarbeid er viktig, men møteverksemd tek tid. Dei tilsette i kulturavdelinga har ulike arbeidstid og oppmøteplass. Det er ein utfordring å nå publikum med informasjon og vi må bli flinkare til å bruke Facebook o.a.

## Økonomi

Kulturavdelinga styrar aktiviteten etter budsjett, vedtak, handlingsprogram og lovverk, og lagar "kultur" i forhold til dei ressursar vi disponerar.

Vi har søkt ulike tilskot og spelemidlar og har fått innvilga/utbetalt ca 5. mill i 2015.

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2015	2015	2014
250 Musikk- og kulturskule	1.536	1.607	1.517
251 Bibliotek	1.336	1.451	1.386
255 Anna kultur	2.067	2.404	2.399
<b>TOTALT</b>	<b>4.939</b>	<b>5.462</b>	<b>5.302</b>

Vi merkar at meir og meir av budsjettet går til faste utgifter og løn, og mindre til innkjøp og arrangement. Vi har verna om tilskot til lag og organisasjonar slik at det ikkje har vore reduksjon i kulturmidlar og andre tilskot.

Ulike tilskot vi får til prosjekt vert plassert på fond i 2016.

Kulturskulen sel dirigent- instruktørtenester til Austrheim skulekorps, Kaland skulemusikklag og Austrheim Songlag.

## Biblioteket

Fonnes filial har ein tydeleg profil som barne- og skulebibliotek, og har stort utlån til målgruppa barn og unge. Hovudbiblioteket lånar ut meir til vaksne, men ser at skulane har fokus på lesing og elevane på Årås brukar blioteket meir enn tidlegare.

Eining	Totalt utlån	utlån av bøker til vaksne	utlån til barn	Utlån pr.innb
Hovudbibl.	9171	4072	5099	4,8 (2/3 innb)
Fonnes filial	5143	767	4376	6,7 (1/3 innb)
E-bøker	123			
<b>Total 2015</b>	<b>14 437</b>			5,05
Total 2014	15 671			5,53

## Nav – Sosial

Omfattar 5 tenesteområde:

- Sosialrådgiving og rettleiing
- Edruskapsvern
- Flyktningkonsulent
- Økonomisk sosialhjelp
- Tilbod til personar med rusproblem

### 1. Handlingsprogram

VISJON: VI GIR MENNESKE MULIGHEITER

Nav sin nye virksomhetsstrategi definerer følgende innsatsområdene for dei neste 10 åra:

- **Arbeid først**
- **Påliteleg forvaltning**
- **Aktive brukarar**
- **Kunnskapsrik samfunnsaktør**
- **Løysningsdyktig organisasjon**

Lov om sosiale tenester kap.1

Formål: "Å fremme økonomisk og sosial tryggleik" Det inneber retten til arbeid som rettesnor for all vår hjelp og bistand.

Mål.

Målsettinga med arbeidet som vert utført er å oppfylle intensjonane i lovverk, ha fokus på arbeid og sikre at brukarane av tenestene får rett hjelp til rett tid.

#### Teneste 2420 Sosialrådgiving og rettleiing

I dette tenesteområdet ligg driftsutgiftene til avdelinga dvs. løn og andre kostnader.

Avdelinga har ein tilsatt i 100% stilling som sosionom med hovudvekt på sosialt arbeid og rus

Avdelinga har ein tilsatt i 50% stilling som sosionom med hovudvekt på gjeldsrådgjeving.

#### MÅL 2015:

**Vi har som overordna mål i 2015 å redusere tal på unge sosialhjelps mottakarar og få dei raskast mogleg i arbeid eller utdanning.**

Kommunen har i 2015 vidareført tilbod om «Grønt arbeid» som jobbtilbod til dei som fell utanfor arbeidslivet. Tilbodet fungerer godt og har fått auka status blant ungdom.

Nav brukar og i stor grad statlege tiltak for denne gruppa. Aukande behov for tiltak for ungdom som er utan arbeid. Tilbodet har og vore nytta av flyktningane.

På grunn av auke fokus og arbeid med flyktningar, har ungdomsgruppa vore nedprioritert delar av 2015 ut frå kapasitetsomsyn.

#### Teneste Edruskapsvern

I rusvern arbeidet er det målsetjinga å hindre auke i problem, skape haldningsendring gjennom førebyggjande arbeid og arbeide tverrfagleg.

Nav har ikkje klart å få til dette eller å prioritere tiltak i 2015. Ruspolitisk handlingsplan er ikkje sett på den politiske eller administrative agenda for rullering. Skjenkeløyve har vore gjeve i tråd med eksisterande plan.

Nav har eit godt samarbeid med psykiatritenesta, pleie og omsorgs- og helsetenesta i kommunen,

når det gjeld fleire av våre brukarar med rusrelaterte problem. Vi har ansvar for ansvarsgrupper og utarbeiding av individuelle planer. Nav har koordineringsansvar for Rusførebyggjande gruppe i kommunen. Personer med rus/psykiatri problem aukar og vi har fleire personer i LAR (legemiddelassistert rusbehandling) enn tidlegare år. Kommunen treng å styrke bustadsosialt arbeid og oppfølging i bustad.

#### Teneste Flyktningar

Flyktningekonsulentent slutta 1. desember 2015. Stillinga sto vakant ut året. Det er ein tilsett i 50% stilling som programrådgjever frå august 2015. Kommunen har nytta ein tilkallingshjelp med timelønning frå nov. 2015.

I 2015 har kommunen tatt i mot 10 personar frå Syria. Det var 5 vaksne og 5 born. Av desse var ein vaksen og to born i alternativ mottaksplass i Austrheim.

Teneste økonomisk sosialhjelp. Dei rettleiande retningslinjene er fastsett med fylgjande satsar per månad frå 1. januar 2015

	2015
Einsleg	kr. 5 700
Ektepar/sambuarar	kr. 9 500
Person i bufellesskap	kr. 4 750
Barn 0-5 år	kr. 2 200
Barn 6-10 år	kr. 2 900
Barn 11-17 år	kr. 3 700
Lomme pengar i institusjon	Kr. 650 (pr veke)

Økonomisk stønad etter lov om sosiale tenester i NAV er ei skjønsmessig yting, jf. lova § 18. Sosialtenesta har både rett og plikt til å utøve skjønn når ein vurderer om det skal ytast stønad, og ved utmåling av stønaden. Satsane i dei rettleiande retningslinjene må derfor sjåast som eit utgangspunkt for det skjønn som skal utøvast.

Sosialtenesta har i 2015 ikkje klart å vektleggje arbeid med unge sosialhjelpsmottakarar gjennom samarbeid i Nav kontoret i like stor grad som i 2014. Dette kjem av den samla ressursituasjonen i kontoret.

Det inneber at om ikkje auke i personer er med meir enn 5 personar, så er auke i kostnader til gruppa over dobbel så stor som i 2014.

#### Tal frå klientstatistikken

Tiltak	2015	2014
Sosialhjelpsmottakar 18-24 år	19	14
Sosialhjelpsmottakar over 25 år	20	25
Tal som fekk økonomisk sosialhjelp	73	63
Kostnad sosialhjelp kr	2 501 000	1 678 000

Det har vore auke i talet som har sosialhjelp som einaste livsopphald i minst 12 månader.



Gjeldsrådgeving:

I nokre tilfelle er sosialtenesta inne i gjeldsordningsaker i tett samarbeid med namsmannen. Tendensen går mot auke av slike saker. Mange har problem med økonomistyringa uavhengig av storleik på inntekta.

3. Måloppnåing :

**Målet for 2015 var å leggja vekt på eit målretta og systematisk arbeid, slik at brukarane av tenestene var avklart til arbeid og vert sikra rett hjelp til rett tid.**

For å oppnå måla har vi hatt fokus på gode rutinar, klare ansvarsforhold, godt samarbeid internt og eksternt og god kompetanse gjennom å oppdatere oss på nye ting som skjer innan fagområda våre. Nav har kort sakshandsamingstid på søknader , men auke i høve til tidlegare år.

Kvalifiseringsprogrammet:

Ein personar har vore i kvalifiseringsprogrammet i 2015.

Utfordringar

- Å greie å gi lovpålagte tenester til beste for brukarane med dei ressursar som rammene gir oss.
- Vi har utfordringar i høve til behov for akuttbustader
- Å utvikle det tverrfaglege arbeidet endå betre.
- Å ivareta det sosialfaglege arbeidet integrert i Nav-kontoret sine oppgåver.
- Ta imot flyktningkvote i 2015.

**Stenging av kontoret enkelte vekedagar.**

Tidlegare har Nav vektlagt at vi skal vera lett tilgjengelege for brukarar. I 2015 var oppgåvene auka slik at kontoret er stengt kvar onsdag og fredag for brukarar for å sakshandsame søknader. Det er likevel mogleg å søke på servicekontoret om vi er stengt.

## Teknisk drift

Handlingsprogram

HOVUDMÅL:

Teknisk drift utfører forvaltnings-, drifts-, og utbyggingsoppgåver.

- Forvaltningsoppgåvene er først og fremst lovpålagt sakshandsaming i hovudsak retta mot kommunen sine innbyggjarar.
- Drifts-, og utbyggingsoppgåvene omfattar tenester som gjeld kommunen sine innbyggjarar. Dette er veg, vatn, avløp og brann.
- Drift av Kurs og fritidssenter.
- Drift av kommunal minibuss.
- I tillegg vert det utført tenester for kommunen sine andre avdelingar,. Dette er vaktmeistertenester, reinhald, bygningsdrift og nybyggingsprosjekt,

Hovudmålet er å yte gode tenester til rett tid og oppretthalde kompetanse på avdelinga sine ulike tenesteområde.

## Måloppnåing

### ANSVAR 600.

Tekniske tenester, vassforsyning og avløp har i hovudsak vorte utført i samsvar med målsetjingar. Vasskvaliteten har vore tilfredsstillande. Kommunen har innført ny VA norm.

Viktige moment i 2015:

- Bygd ut vatn til Toftegard.
- To større vassleidningsbrot i 2015.
- Montert ny pumpestasjon for avløp ved Austrheim kai etter eit lynnedslag.
- Få klager frå abonnentar.

Ein har innført First responder i 2015, i samband med ulukker og utrykking. Avdelingen har redusert ingenørstilling med 60% frå 1. juni 2015.

### ANSVAR 604. DRIFT KOMMUNALE BYGG OG EIGEDOMAR.

Kommunen har 38 bygningar som krev ettersyn og vedlikehald.

Det blir utført fast vaktmeisterteneste på 11 bygg. For dei resterande bygga vert det utført vedlikehald og ettersyn etter behov. I tillegg til dette utfører avdelinga arbeid i tilknytning til nybygging og investeringar.

Målsetjingane for vedlikehaldet er å drifte tekniske anlegg i tråd med bygningen sin bruk og reparere byggskeidar fortløpande. Målsetjingane er berre delvis oppfylte.

### ANSVAR 605 REINHOLD.

Reinholdet vert utført i eigen regi. Tenesta er organisert som eiga gruppe og eige ansvarsområde under Teknisk avdeling. Det vert utført dagleg reinhold i 16 bygg. Det er auka bruk av fleire bygg som medfører meir vask.

Det er framleis behov for tilpassingar og justeringar av arbeidsopplegg og reinholdsrutinar.

#### Nøkkeltal for verksemda

	2015	2014	2013
<b>Vassforsyning</b>			
- Abonnentar	1037	1025	992
- Vassforbruk 1000 m3	386	415	- 356
- Lengde hovudnett km	58	58	48
<b>Avløp.</b>			
- Ant Abonnentar	613	610	601
- Lengde	28	28	28
- Reinseanlegg	5	5	5
- Slamavskiljarar priv	713	713	713
<b>Brannvern</b>			
- Utrykkingar/Øvinger-kurs	31	27	31
Øvingar-kurs	22	8	5
- Feiing :	545	653	514
- Tilsyn private hus.	342	277	201
<b>Kommunale bygg.</b>			
Bygg totalt	38	38	38
Bygg med vaktmeistarar	12	12	12
Bygg med reinhold	16	16	16
<b>Vegløys</b>	980	980	980
Kommunale vegar (km)	45	45	45

## Økonomisk resultat

Oversynet for heile avdelinga syner eit rekneskapsmessig underskot.

Ansvar	Meirforbruk	Mindreforbruk
600	- 788 000 kr	
604 Bygg		+ 782 000 kr
605 Reinhald	- 305 000 kr	
Sum	- 1 093 000 kr	+ 782 000
Overforbruk		311 000 kr

## Tverrsektorielt samarbeid

Avdelinga utfører tenester på tvers av alle avdelingar. Avdelinga opplever at samarbeidet er godt og brukarane gjev uttrykk for økt tilfredsheit.

## Brukarar

Kommunen sine innbyggjarar. Dtenestene er veg, vatn, avløp og brann.

I tillegg vert det utført tenester for kommunen sine andre avdelingar



I 2015 vart det montert ladarar for EL-bilar ved Mastrevik Torg. Her testar Helge Dyrkolbotn det nye vidunderet.

## Personalet

Avdeling bygg, anlegg og drift har fylgjande personale:

Teknisk drift	Tittel/fag	Stillingar
Administrasjon, prosjektering og planlegging.	Avdelingsleiar	1
	Ingeniør	1
Drifts- og vedlikehaldsarbeid	Arbeidsleiar	1
	Vedlikehaldsarbeidarar	8
Bygg, veg, vatn, avløp og uteareal	Prosjekttilsett	
Prosjekt	Driftsleiar	1

Kurs og fritidssenteret	Sjåfør	0.40
Bussjåfør		1
Brann og beredskap	Brannmannskap (16 tilsette) Befal 6 stk	0,75
Reinhold	Reinholdarar (12 tilsette)	9.45

Ein har vidareført avtale med eit privat firma om feietenestene i kommunen, 1 årig avtale.

### Plan, byggesak, oppmåling og miljø

Avdelinga arbeidar med forvaltningssaker etter plan- og bygningslova og anna lovverk. På avdelinga arbeider:

- Avdelingsleiar
- Kommuneplanleggjar
- Oppmålingsingeniør
- Byggesakshandsamar, beredskapskontakt og øvingsleiar for beredskap
- Byggesakshandsamar/Jurist

Alle stillingane er 100 %.

Nettomramma for avdelinga var ca. kr. 2,2 mill i 2015. Det har vore høg aktivitet på avdelinga og om lag 110 plan, bygge- og delingssaker vart ferdighandsama. Det vart og teke mange oppmålingsforretningar, den oppgåva går ut på å klarleggje og beskrive grenser og rettar til fast eigedom. Avdelinga gjennomførte 11 aktive tilsyn i 2015. Eit av desse tilsyna var på Kystbarnehagen og ein var på ein ulovleg veg på Bakka. Det kom inn om lag 2,8 mill i gebyrinntekter på avdelinga. Det økonomiske resultatet var tilfredsstillande. Avdelinga samarbeidar nært med mange offentlege instansar, kollegaer og innbyggjarane i kommunen.

Avdelinga har i 2015 elles arbeid med desse planane:

- Kommuneplanarbeidet i Austrheim kommune (arealdelen under arbeid, samfunnsdelen er godkjent).
- Detaljregulering Johan Sverdrup oljerørleidning, Bergsvikhamn til Mongstad (offentleg ettersyn).
- Detaljregulering Leirvåg småbåthamn og naustområde (motsegn er trekt og innløyning av molo).
- Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftsområde Ulvøy (igangsetting). Austrheim kommune fekk 500.000 kroner i tilskot til dette planarbeidet frå Hordaland fylke.

Avdelinga deltek i arbeidet med kulturminneplan 2015-2025. «Kulturminne i Austrheim frå steinalder til oljealder.»

Desse reguleringsplanane vart ferdige godkjente i 2015:

- Områdeplan for Nordre Fønnesvågen
- Planendring Årås skule og Austrheim Idrettspark

#### Andre oppgåver:

Avdelinga har hatt leiaransvaret for framdrifta med planlegging av eit nytt helsehus/ambulansestasjon. Avdelinga har fått på plass naudsynte sal- og kjøpsavtalar av areal. Avdelinga har gjort ein del førebuande arbeid med oljerørleidinga Johan Sverdrup, dette gjeld kart, utgreiingar og møteverksemd. Sal av kart og leveransar via Infoland er og ei oppgåve for avdelinga.

Tilsette på avdelinga har også arbeid med beredskap og øvingar og utarbeidd ROS-analysar. Avdelinga deltek og i arbeidet med prosjektet «Førebygging av utmarksbrann», dette prosjektet fekk skjønnsmidlar i 2014 frå Fylkesmannen i Hordaland. Avdelinga tok initiativ til at Austrheim kommune fekk tildelt pilotprosjektet og fekk midlar til «Trafikksikker kommune». Trafikksikringsplan for Austrheim kommune er under rullering, avdelinga deltek her. Avdelingsleiar deltek aktiv i prosjektet «Ta vare på matjorda» som fekk skjønnsmidlar frå Fylkesmannen og klimamidlar frå Hordaland Fylkeskommune. Plassering av jord- og torvmassar frå byggeområde har vore eit viktig plantema i 2015. Avdelinga leiar arbeidet med «Gå og Sykkelstrategi for Austrheim kommunesentrum». Forprosjekt vart i 2015 levert av Asplan Viak med kostnadskalkyle og traseval for mogeleg søknad om tippemidlar. Kommuneplanleggar heldt føredrag på kommuneplankonferansen 2015. Avdelinga deltek i det interkommunale samarbeidet Nordhordland Digital og har vore med å fått på plass seminarprogrammet for byggesaks konferansen i Nordhordland 2016.

#### Frivillegsentralen

Pr. 31.12.15 hadde sentralen ca. 250 brukarar og 100 frivillige.

Målsetjing:

Vere ein møteplass som formidlar kontakt mellom menneske i lokalmiljøet.

Opptre som katalysator for idear og forslag, og bidra til auka aktivitet og samarbeid i nærmiljøet.

Aktivitetar:

Sentralen driv mange ulike aktivitetar for alle aldre både eldre og unge. Frivillegsentralen driv aktivitatane på Seniorsenteret. I 2015 har dei saman med andre i organisasjonen, driva aktivitetar som inkluderer flyktningane.

#### Utleige Seniorsenter

Frivillegsentralen er ansvarleg for drift av Seniorsenteret. I tillegg til aktivitetar på dagtid var senteret i bruk til 170 arrangement.

Innsatsen til dei frivillige utgjer 2 ½ årsverk.

#### SENIORSENTERET 2015

Golv et på Seniorsenteret vart slipt i desember 2015. Neptun pensjonistlag og andre frivillige gjorde en stor dugnadsinnsats med å rydde vekk møbler mm., vaske og få alt tilbake på plass. Austrheim kommune forskoterte utgifta. Neptun Pensjonistlag og strikkekafeane tilbakebetaler i 2016.

Frivillige gjer ei kjempeflott innsats på Seniorsenteret. Derfor er det mogeleg å fylla huset med liv, aktivitet og samhald. Seniorsenteret er ei møteplass og bidrar sterkt til å bygge nettverk

#### Folkehelsearbeidet

Stillinga som folkehelsekoordinator er plassert i rådmannen sin stab og utgjer 40 % stilling. Gjennom årleg søknad får vi eit tilskot frå Hordaland fylkeskommune på 75.000 kr til stillinga Folkehelseprofil 2016:

Folkehelseinstituttet gjev kvart år ut ein folkehelseprofil for kvar kommune. Den peikar på områder som befolkning, levekår, miljø, skule, levevaner og helse og sjukdom.

## Friluftslivets år

Ei stor nasjonalsatsing i 2015 oppmoda kommunar om å ta aktivt del i markering av Friluftslivets år. I Austrheim gjekk dette inn som eit område som folkehelsekoordinator tok ein aktiv rolle i. Gjennom året vart det arrangert aktiviteter med mål om å få enno fleire ut i naturen og ta del i friluftslivets gleder.

- Nokre av aktivitetane:
- Opning av parkeringsplass i Krossøy med påfølgande tur til Gavlen
- Gjennom Austrheim på sykkel, del 1 og del 2
- Tur & quiz
- Fredsmarkering på Seisøy m/Neptun
- Ungdomsklubb for alle på Mastrevik kai
- Introkurs kajakk
- Verdens aktivitetsdag
- Tur til Hoplandskverna ne og turar langs andre turstiar med mellom anna Nh turlag
- Havsportdag for ungdomsskulane m/Ungdomsklubben
- Havsportveka m/Oceanordic
- Familiedag i friluftsområdet i Øksneset
- Familietur på steinalderstiar m/Kyst og sogelaget
- Austrheim på tvers m/Nh turlag

Stor takk til lag og organisasjonar som arrangerte og takk til alle som deltok. Det var god oppslutnad om det aller meste som vart gjennomført.

## Landbruk

### Landbrukskontoret 2015

#### Tilsette

Kontoret har 2,5 stillingar.

#### Aktivitet/møte

Det har vore skipa motivasjonsmøte for kvinner i landbruket. Austrheim landbrukskvinnelag tok initiativ til møtet. Austrheim landbrukskvinnelag, sauealslaget og Glade Bønder skipa i fellesskap villsaukurs.

#### Landbruk

I 2015 har det blitt søkt om midlar til nybygg hos Innovasjon Norge frå Austrheim. Det vart gitt støtte til ei driftsutbygging. Denne driftsutbygginga vil auke volumet av kjøtt produsert i Austrheim.

#### Midlar

Landbrukskontoret har handsama følgande søknader som gjeld Austrheim:

Tiltak	Tal søknader	Tildelt stønad
Produksjonstilskot	32	4 986 741
Regionalt miljøprogram	8	53 848
Spesielle miljøtiltak i landbruket - SMIL	7	30 000
Kommunale midlar	7	40 000
Drenering av jordbruksjord	1	3 000

**Andre aktuelle saker**

Det er ei tydeleg interesse for å kjøpe gardsbruk i Austrheim, og vi har søknadar om konsesjon kvart år. Austrheim utmerkar seg med at det er fleire unge som målbær at dei ynskjer å eige og drive gard. Det er over 50 % leigejord i Austrheim (og i heile Nordhordland). Det er viktig for bøndene å få langsiktige avtalar med dei som eig jord. Å inngå langsiktige avtalar om jordleige gir forutsigbarheit for bøndene, og gjer det lettare å investere i drifta. Det er behov for grøfting mange stader. Det er også mogleg å søkje om grøftetilskot. Landbrukskontoret oppmodar om at ein søkjer på grøftemidlane, og viser at det er behov for grøftemidlane. Det er store mengder jord og andre massar som vert flytta på i Austrheim. Det er sett igong prosjekt der Austrheim, Lindås og Meland samarbeider for å utarbeide meir lik sakshandsaming mellom dei ulike kommunane i Nordhordland. Det har vore skipa kurs for bønder og entreprenørar med tittel: «Jordmassar frå problem til ressurs – ta vare på matjorda» som del av dette prosjektet.